

Normering av ordforrådet

Om opptak av gamle importord i nynorsk

av Helge Sandøy

0 Innleiing

Normeringa av ordforrådet i nynorsk har alltid vore opplevd som problematisk, både fordi ikkje alle nynorskbrukarane har vore einige om kva som er brukande nynorskord, og fordi den normeringspolitiske autorisasjonen har vore uklår. Det har aldri vore vedteke klåre retningslinjer for ordforrådet, og lenge hadde ordlisteredaktørane stor fridom til å ta med det dei ville. Normeringshistorisk var derfor ordtilfangsnemnda (Venås-nemnda) i Norsk språkråd frå 1981 eineståande ved at ho prøvde å stake ut ein offisiell politikk for ordforrådet. Diskusjonen som har vore ført no på 90-talet om retningslinjer, er eit framhald av drøftingane midt på 80-talet.

Før og etter nemndarbeidet gjekk det viktige debattar om saka, jf. Lauvhjell (1983). Interesse for ordforrådet har også ført til andre utgreiingar om orda i nynorsk; viktigast er Gerdener (1986), Heggelund (1985), Nes (1984) og Faarlund (1998), men også Sannerholt og Aarhus (1992) gir nyttige oversyn. Lars S. Vikør gir i Omdal og Vikør (1996:122–141) eit historisk oversyn over normeringsdiskusjonen på dette området.

Denne artikkelen er ein sterkt revidert versjon av eit notat som blei lagt fram for årsmøtet i Norsk språkråd i februar 1998. Artikkelen tek i første delen (pkt. 2–3) opp premissar for normering, deretter ideologiske og strategiske spørsmål for nynorsken i pkt. 4–6. Den tredje og lengste delen (pkt. 7–8) skal vise korleis ein kan

arbeide med retningslinjer for å styre ordforrådet i nynorsk. Punkta 9 og 10 drøftar den nynorske skriftradisjonen.

1 Ordforrådssaka i Språkrådet

1983–84

Innstillinga om nynorsk ordtilfang (Venås-tilrådinga) blei lagd fram for Norsk språkråd i 1983 med ei fleirtals- og ei mindretalsinnstilling. Fleirtalsinnstillinga blei ikkje vedteken som grunnlag for arbeidet i fagnemnda med opptak av nye ord i nynorsk. Derimot lydde vedtaket på årsmøtet 27.1.1984:

Tilrådinga om nynorsk ordtilfang, både fleirtalstilrådinga og dissensen, alle omsegner som er komne inn til Språkrådet i samband med høyringsrunden, og referata frå møta om saka blir lagde til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida.

Dette var eit lite heldig vedtak, for strengt teke hadde ikkje årsmøtet gitt fagnemnda noko mandat for arbeidet. Alle orddiskusjonar måtte i praksis starte på berr bakke, og både premissane og sjølve vedtaka kan da lett sprikje frå sak til sak.

Dei første åra etter dette vedtaket blei det godkjent ein del nye ord "som kan takast inn i nynorske ordlistar" — i 1984: 53 ord, 1985: 8, 1986: 1, 1987: 7, 1988: 1, 1990: 1, 1991: 2, 1992: 7. (Jamfør årsmeldingane frå Norsk språkråd.)

1993–1995

I samband med ein søknad frå eit forlag om å få godkjent ei liste med ord som skulle takast inn i ei nynorsk ordbok, blei det på fagnemndmøtet 23.4.93 gjort framlegg om å vurdere orda etter seks prinsipp. Dette prinsippframlegget blei avvist med dobbelstemma åt formannen.

Årsmøtet i januar same året hadde vedteke at ein i slike tilfelle der "ei sak gjeld den eine målforma og blir avgjord i fagnemnda med dobbelrøysta til leiaren/varaleiaren, kan to rådsmedlemmer frå same seksjonen krevja at saka blir lagd fram for seksjonen". For å tilfredsstille dette kravet gjekk derfor Tove Bull, Arnold Dalen, Ingeborg Donali og Helge Sandøy hausten 1993 saman om

eit framlegg til fagnemnda der dei ba nemnda leggje desse retningslinjene om godkjenning av ord fram for årsmøtet:

1a) *Folkemålsprinsippet: Nynorsken godtek alle ord som er vanlege i naturleg folkeleg talemål i større delar av landet.*

1b) Nynorsken skal ikkje godta ord som i bruk er mest avgrensa til skriftmålet bokmål og det høgare talemålet som historisk byggjer på det.

2) Ein godtek ord som har ei særtyding eller ein særnyanse som det ikkje er plass til innafor det tradisjonelle ordforrådet.

3) Ein godtek ord der det hevdvunne synonymet i nynorsk er lite brukt i levande talemål.

4) Ein godtek ord som det av forma ikkje er lett å sjå skal vere "ikkje-heimlege" ord.

5) Ein godtek ord som er produktivt laga med suffikset *-heit*. Dette vil seie at ein godtek *-heit* som produktivt ordlagings-element i nynorsk. Kriteria *Tilråding* sette opp, kan brukast som tilleggskriterium:

- a. Ein godtek ikkje *heit*-avleiingar av perfektum partisipp, presens partisipp og adjektiv på *-et/-ut*.
- b. Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleiing.
- c. Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleiing.
- d. Ord som nynorsk alt har suffiksa *-dom*, *-skap*, *-leik* i, skal framleis stå som eineformer.
- e. Ein godtek ikkje *heit*-ord der det i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar.

6) Ein godtek ord med utgang på *-else* der dei har ei anna tyding og ein annan stilnyanse enn dei tilsvarande orda på *-ing* (dvs. dei reine verbalsubstantiva). Ein godtek likevel ikkje *else-*

ord der det også i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar (på *-e* eller utan ending).

7) Ein godtek ord som er produktivt laga med suffikset *-bar*.

Brevet inneheld ein argumentasjon for framlegget (jf. vedlegg 1), og forslagsstillarane hevda at retningslinjene var "i samsvar med den moderate lina for ordopptak som me finn i *Tilråding*" (dvs. fleirtalsinnstillinga frå 1983) — viktigaste forskjellen var at framlegget hadde form som retningslinjer. Dette innsende framlegget blei teke opp på fagnemndmøtet 1.11.93, men ikkje vedteke der. Det blei lagt fram for årsmøtet 22.1.94, som drøfta saka, men kom til at det trong meir tid. Nynorskseksjonen av rådet hadde derfor eige arbeidsmøte 11.–12.10.94 der ordtilfanget var eine saka. Her kom det fram skepsis til å vedta prinsipp, og seksjonsleiaren foreslo at

Fleirtalstilrådinga om nynorsk ordtilfang (jf. innstillinga frå Venås-nemnda, Årsmelding 1983, pkt 4 s. 27–28) blir lagd til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida.

Ei prøveavstemming viste 14 røyster for, 1 imot og 1 blank. På det neste rådsmøtet 26.–27.1.95 blei dette samrøystes vedteke, og dermed var vedtaket frå 1984 omgjort. Med dette hadde fagnemnda fått eit mandat å arbeide etter i ordforrådssaker.

1997–98

Fagnemnda arbeidde i 1997 med ordtilfangsspørsmålet på fleire møte, og det var knytt til tre saker:

1) Eine saka gjaldt ein søknad frå Escola forlag om å få godkjent ei ordliste med vel 800 ord som før ikkje var aksepterte. Fagnemnda svarte med å vise til den vedtekne Venås-tilrådinga og ba forlaget sjølv gå igjennom lista si for å vurdere kva ord det meinte fall innafor retningslinjene i tilrådinga. (Til rettleiing la fagnemnda ved prinsippframlegget frå 1993 (jf. vedlegg 1), som ho meinte dekte innhaldet i tilrådinga.) Forlaget svarte med at søknaden gjaldt alt eller inkje, og dermed blei han avvist. For-

laget klaga seinare på avgjerda, men Kyrkje- og undervisningsdepartementet har i brev datert 29.9.1998 avslått anken.

2) Til fagnemndmøtet 14.11.97 la Jan Terje Faarlund fram eit forslag om nye retningslinjer for ordopptaket i nynorsk (jf. vedlegg 2). Det var meint å skulle avløyse det tidlegare vedtaket frå 1995 om at Venås-tilrådinga skal liggje til grunn, og gjekk såleis lenger i å opne for gamle importord. Framlegget blei støtta av fleirtalet i fagnemnda, og det blei drøfta på årsmøtet i februar 1998. Årsmøtet vedtok samrøystes å utsetje saka.

3) Til to møte la Helge Sandøy fram forslag til ord som skal gå inn i neste utgåvene av *Nynorskordboka* og *Nynorskordlista*, som Språkrådet sjølv er medutgivar av. Til denne saka la fleirtalet i fagnemnda til grunn ei prinsipp tolking av Venås-tilrådinga. Desse retningslinjene/prinsippa blei stilte opp i sakspapira til møta. (Jamfør vedlegg 3; dei blir i revidert form gjennomgått i pkt. 7 nedafor). Denne saka dreia seg derfor både om dei konkrete orda og om korleis ein kan stille opp retningslinjer for ordopptaket med grunnlag i den vedtekne tilrådinga. Begge delane gjeld altså korleis ein skal praktisere og presisere det mandatet som årsmøtet gav til fagnemnda i 1995.

Også dette framlegget blei drøfta på årsmøtet i februar 1998, og det blei *samrøystes* vedteke å sende ordlista attende til fagnemnda til ny drøfting. Det var òg semje om at ein ved den nye vurderinga "skal byggja på drøftinga i seksjonen og ei moderat tolking av Venås-tilrådinga frå 1983".

Punkt 7 i denne artikkelen er ein freistnad på å følgje opp dette årsmøtevedtaket og er altså meint som ei vidareføring av den vedtekne ordtilfangstilrådinga (jf. 1995-vedtaket). Forma på framlegga under pkt. 7 gir såleis ikkje uttrykk for mine standpunkt; dei er eit fagleg svar på ønsket frå årsmøtet i 1998.

1999

Framlegget til dei retningslinjene som er nemnde nedafor i pkt. 7, blei presenterte for fagnemnda 2.10.98. På fagnemndmøtet 5.11.98 la både Jan Terje Faarlund og Åshild Nordstrand fram sine forslag

til retningslinjer, og fagnemnda vedtok å leggje alle tre fram for årsmøtet i rådet i februar 1999. Årsmøtet kan da sjølv avgjere om det vil stemme over dei som tre heilskaplege framlegg, eller om det vil stille opp mot kvarandre enkeltpunkt i framlegga og stemme over dei. Med den forma dei har, kan det lett gjerast. (Vedlegg 4 viser ei oppstilling av dei tre framlegga til årsmøtet, og der kan ein sjå at alle framlegga som har vore lagde fram etter 1993 om retningslinjer, har store likskapar med framlegget frå 1993, jf. ovafor.)

2 Normering etter retningslinjer

Viktigaste innhaldet i framlegget om å ta inn fleire ord er ikkje sjølve orda, men at ein skal komme fram til ein normeringspolitikk der ein styrer meir etter retningslinjer. Derfor bør årsmøtet i Språkrådet gi vedtaka form av retningslinjer og i mindre grad gjere vedtak om enkeltord. Hittil har det altfor ofte vore enkeltord-vedtak som utaførståande har hatt vanskar med å sjå konsekvensen i.

Det er fleire fordelar med ein normeringspolitikk bygd på klårt formulerte retningslinjer:

a) Det blir eit ryddigare forhold mellom råd/årsmøte og fagnemnd ved at årsmøtet vedtek dei politiske linjene, og fagnemnda gir dei det konkrete faglege innhaldet. Dette svarer òg til eit skilje mellom prinsipp og praksis. Ei slik "arbeidsfordeling" med klåre mandat til fagnemnda vil også tene som ein garanti for at fagnemnda følgjer viljen åt rådet. Fagnemnda kan dermed bli meir eit fagleg organ, og ikkje eit "kamporgan". Det vil seie at fagnemndmedlemene i nemndarbeidet skal leggje vekt på å følgje årsmøtevedtaka og ikkje personlege standpunkt.

b) Med ein politikk bygd på formulerte retningslinjer vil det vere mogleg å føre ein politikk som er meir gjennomsiiktig. Når språkbrukarane ser ein klårare samanheng mellom enkeltvedtaka, vil dei lettare akseptere dei og forstå at det finst ein grunn for dei.

c) Med å kople enkeltvedtaka til retningslinjer kan det bli mogleg å komme bort frå reine subjektive reaksjonar til enkeltord. Det er eit problem at kvar enkelt av oss har heilt private kjensler knytte til språklege detaljar. Å godta ord i nynorsk etter private synse- eller smake-prosedyrar blir for tilfeldig og er lite tilfredsstillande som arbeidsform i ei fagnemnd. (For eksempel "liker" ikkje eg orda *skjønn, utelukke, forårsake, bistand* osv., og eg kan ikkje tenkje meg å bruke dei sjølv, mens andre nynorskbrukarar synest dei er heilt i orden. Og sakleg sett kan dei ha like god grunn for sin smak som eg har for min. I eit fagleg organ må ein komme fram til argumentasjonsmåtar som viser til noko generelt, felles og person-uavhengig.)

d) Språknormering er òg ein fagleg disiplin som ein treng å utvikle og forbetre. Skal ein summere opp og systematisere røynsler, kan det berre skje ved at ein stiller enkeltvedtak i forhold til ein meir generell kategori eller ei meir generell retningslinje. På den måten blir det mogleg å systematisere innsikter, å sjå kva som er upresist og uheldig formulert, og å forbetre retningslinjene og dermed normeringspolitikken.

Noregs Mållag har støtta tanken om ei sterkare prinsipp-normering. I fråsegna frå styret i NM i januar 1998 heiter det at

Noregs Mållag er samd med fagnemnda i at det trengst klarare prinsipp for normering av ordtilfanget. Særleg har praksisen med å normera dei såkalla 'anbeheitlese'-orda einskildvis og ikkje i heile kategoriar, gjort det vanskelegare enn naudsynt å vita kva ord som er godkjende.

3 Fritt eller styrt ordforråd?

Ein grammatikar ser gjerne på språket slik at grammatikken er det fast strukturerte, mens ordforrådet er det meir ustrukturerte, og dermed treng ein ikkje styre det. Men i eit sosiolingvistisk perspektiv er ikkje eit slikt skilje så interessant. Ser ein etter normer for og holdningar til språk og etter kven som har makt til å definere normene, er det ikkje ein slik klår forskjell på ordvalet på

eine sida og dei grammatiske formene som orda kan ha, på hi sida. Språkbrukarane må ta omsyn til ytre pålagde normer på begge desse områda.

Vi kan illustrere poenget med situasjonen innafor bokmålet: På kanskje dei fleste arbeidsstader (medrekna aviser og forlag) risikerer ein å bli møtt med sanksjonar (forbod eller negative merknader) om ein bruker f.eks. *a*-former i verba (som er ein del av grammatikken og den offisielle rettskrivinga). Det same gjeld truleg også om ein vågar seg til å skrive *måndag*, *attende*, *framleis* osv., jamvel om desse orda står i autoriserte ordbøker for bokmål. Orda *skygna* og *beine* står ikkje eingong i *Bokmålsordboka*. Både grammatikken og ordforrådet blir i praksis styrte også i bokmålet.

Forskjellen på bokmål og nynorsk på dette punktet er at Språkrådet truleg har meir styring over normene for nynorsk enn over normene for bokmål. Dei private normeringsinstansane i bokmålsverda er sterkare enn det offentlege Språkrådet.

Tek vi eit sosiolingvistisk utgangspunkt, må vi altså ta med oss den innsikta at det i samfunnet er eit normpress. I språkpolitikken går derfor spørsmåla på

om ein vil styre språket, og
kva ein vil med styringa.

I nynorsktradisjonen har det alltid vore ein *vilje* til å styre, og det har vore ein ideologi (faktisk fleire ideologiar) om *kva* ein ønskjer å oppnå med språkstyringa.

4 Offensivt målarbeid

Nynorsktradisjonen har kombinert to synsmåtar/ideologiar: den historisk-nasjonale og den at nynorsken er samnemnaren for dialektane. I det offensive arbeidet for nynorsk har den siste domiert fullstendig — i alle fall etter krigen. Det kan vi f.eks. oppleve og sjå i samband med skolemålsrøystingar. Eg skal her avgrense meg til å ta med utdrag frå referat or *Norsk Tidend* nr. 4/97 om stridar om skolemålet:

(1)

Frå Skaun, Sør-Trøndelag:

“Kva la de vekt på i argumentasjonen dykkar?

–Me la vekt på at me bur i ein kommune som har ein kultur og ein dialekt som ligg nært opp til nynorsk, og at nynorsk difor var det naturlege valet. [...] Me la òg vekt på kva som er det letteste for ungane å læra. Mellom anna samanlikna me bokmålsbøker med nynorskbøker for å sjå kva som er mest likt trønderdialekten. Me henta òg inn ei undersøking som synte at ungane vert flinkare til å lesa når skriftspråket ligg nær dialekten.”

(S. 5.)

(2)

Frå Rennesøy, Rogaland:

“I argumentasjonen sin la nynorsksida vekt på at folk som flyttar til kommunen bør visa respekt for og tilpassa seg den lokale kulturen.” (S. 5.)

(3)

Frå Sandnes, Rogaland:

“Kva argument legg de vekt på når de skal få foreldra til å velja nynorsk for borna sine?

–Eg tek ofte utgangspunkt i meg sjølv og snakkar ein god del om språk, identitet og tryggleik. Då eg kom til Oslo, vågde eg ikkje vedkjenna meg hedmarksdialekten min. Det gjorde meg utrygg. Men dersom me vågar å stola på at språket vårt er bra nok, er me bra nok sjølve også.” (S. 12.)

(4)

Frå Stavanger, Rogaland:

“Kva er grunnen til at du har valt nynorsk for borna dine?

–Eg føler nynorsk ligg nærmare dialekten vår. Med nynorsk kan me nesten skriva slik som me snakkar.” (S. 12.)

“Marie ville òg valt nynorsk, viss ho kunne velja om igjen.


–Nynorsk ligg nærmare dialekten vår.” (S. 13.)

Desse sitata kan tene som dokumentasjon på kor viktig samsvaret mellom skrift og tale er i nynorskideologien. I boka Almenningen og Lien (1978) gav ut om *Striden for nynorsk bruksmål* er det lista opp ei rekkje argument for nynorsk. Det første gjeld at "nynorsken er samnemnaren for dialektane i bygd og by" (s. 104.) Det historiske argumentet er ikkje eingong nemnt.

Da ordtilfangsinnstillinga frå 1983 var ute til høring, kom det inn svært mange fråsegner frå mållag landet rundt. 28 fråsegner var imot, og 28 for fleirtalsinnstillinga. Desse fråsegnene viser eit svært tydeleg geografisk mønster, nemleg at motstanden mot å liberalisere ordopptaket i nynorsk, kjem i all hovudsak frå mållag i det såkalla nynorske kjerneområdet. Mållaga utafør kjerneområdet ønskte eit opptak av fleire ord som er utbreidde i talemålet.


Kartet nedafor byggjer på den sorteringa sekretariatet i Språkrådet gjorde av fråsegnene som kom inn ved høringa:

- 1) full støtte til hovudsynspunkta i utgreiinga
- 2) moderat og kritisk støtte til hovudsynspunkta
- 3) avvising av hovudsynspunkta



I fråsegnene om full støtte blir det argumentert med f.eks. at ei opning av ordtilfanget vil styrkje den stillinga nynorsken har "som det einaste skriftmålet som tek verkeleg omsyn til dei norske dialektane og voksteren i dei". Fråsegnene med kritisk støtte er opne for ord som har fått rom i talemålet, men ønskjer ei varsam linje. Dei avvisande fråsegnene viser til faren for at nynorsken skal miste særpreget sitt og at dei norskrøtte orda blir trengde til sides.

Kartet ovafor kan vi samanlikne med kartet nedafor over skolemålssituasjonen i 1991. (Horisontale strekar markerer område der nynorsken dominerer i skolen, vertikale der det finst ein mindretal med nynorskelevar.)



Desse karta kan tolkast slik at talemålsargumentet er viktig for dei som mest må forsvare nynorskstandpunktet sitt, og som mest

må argumentere offensivt. Der nynorsken er blitt meir sjølvsgd, kan andre holdningar til skriftmålet stå sterkare.

Vi kan snakke om ein mentalitetsforskjell mellom landsdelane. Kjerneområdet kan illustrerast med Høyanger, som har gått heilt over til nynorsk. Denne relativt nye industristaden skil seg ut språkleg med å ha fått ein 'aluminiumsnynorsk' med ein del ordformer som ikkje er rekna som typisk nynorske. Men ønsket om ein sogneidentitet får innbyggjarane til å sjå bort frå det når dei vel skriftmål. Jorunn Verlo (1993) undersøkte m.a. språkholdningane her og i Måløya og fekk dette resultatet da ho bad informantane vurdere kva målform dialekten deira likna mest:

	<i>nynorsk</i>	<i>bokmål</i>	<i>blanda</i>	<i>ikkje svart</i>
Måløy	63,6	18,2	10,9	7,3
Høyanger	28,1	38,6	22,8	10,5

(Verlo 1993: 136.) (Tala viser prosent av svara.)

I Høyanger er det faktisk fleire som synest dialekten liknar meir på bokmål enn på nynorsk (38,6 % mot 28.1 %), enda om 78,9 % vil ha nynorsk i skolen. Slik kan det vere berre i det nynorske kjerneområdet! Frå informantane kom f.eks. slike merknader: "Det har med identiteten å gjere, vi er trass alt sogningar — sjølv om dialekten vår ikkje alltid går i nynorsk lei." Ein annan skreiv: "Det er synd at det er så mykje bokmål her i Høyanger, det er trass alt ei nynorsk bygd." (Verlo 1993: 146.)

At vestlendingane oppfattar nynorsk som sitt språk, gjer at nynorsken vinn stadig større terreng som skolemål også i tettstader som Måløya, Odda, Sauda, Sandnes og Stavanger. Det same skjer også på andre samfunnsområde enn skolen. Di sterkare nynorsken står, di meir sigrar han på grunn av eiga tyngd.

I det meste av dette området var nynorsken blitt fleirtalsmål kring 1930. I dei delane av landet der nynorsken ikkje var blitt fleirtalsmål før krigen, har regionaliseringa etter krigen gått nynorsken imot. Nynorsken hadde ikkje greidd å kople seg til *den regionale identiteten*. Den stadig sterkare nynorskidentiteten på Vestlandet kan paradoksalt nok vere ei ulempe for nynorsken

andre stader i landet. Førstellinga om at nynorsken er eit vestlandsspråk blir ei stadig større utfordring for målrørsla.

Noregs Mållag har begynt å definere ei randsone, dvs. det området av landet der nynorsken står svakt, men der ein kjenner godt til ein nynorsk tradisjon. I denne sona er det aktuelt for svært mange å spørje seg: 'Er nynorsken vårt språk?' Nynorsken kjennest der nemleg som eit aktuelt val pga. at han finst i eit naboområde, eller at han stod sterkt før i bygda. Tvilen som folk har, går på om nynorsken faktisk kan tene det formålet å vise fram det regionale særpreget. Det er vår oppgåve å vise at nynorsken kan det. Vi må vise at nynorsken er trøndersk, at han er nordmørsk, sørlandsk osv.

5 Nær-nynorsk og avstandsnynorsk

Den offensive argumentasjonen ovafor er ein appell til dei demokratiske verdiane, dvs. at alle grupper bør få lik tilgang og same rettane til skriftmålet, og at alle skal få høve til å markere sin identitet gjennom skriftmålet — i staden for å oppleve sin eigen kultur som underlegen i forhold til ein viss hovudstadskultur. Folkemålsargumentet om ein 'nær-nynorsk' byggjer på ein slik ideologi. (Jamfør at bokmålsdelen av fagnemnda i Språkrådet har som uttrykt premiss for revisjonsarbeidet sitt at det einaste tale-målet som skal vere relevant for norma, er det i og nærast Oslo!)

Det er nærnynorsken som har utløyst sterke og skapande krefter i det norske kulturlivet, både hos Per Sivle, Olav Duun og Kjartan Fløgstad. Det var nærnynorsken ein ville vise fram i mellomkrigstida da det blei skapt nynorske regionalnormer, og det er den same regionale tilhørsla dei har vilja markere som har etablert normer for administrasjonsmålet i nyare tid, f.eks. i Møre og Romsdal fylke som krev e-infinitiv i styringsmålet sitt, og i Ullensvang herad som krev a-infinitiv.

Den regionale identiteten er svært viktig for nordmenn, og han er ikkje blitt mindre viktig dei siste tiåra. Han uttrykkjer mye av opposisjonstrongen i folket. Vi har fått mange nye regionale kulturinstitusjonar, og dei bruker ofte å spele på det lokale språket. I alle distriktsendingane i NRK utafor Oslofjorden betyr f.eks. den regionale språkprofilen mye.

Språket viser også ein sosial identitet, om ein tilhører dei folkelege eller dei "eleverte". Men dette gjeld først og fremst talemålet. Oppgåva vår blir å kople det regionale og folkelege identitetsmerket også til skriftmålet.

Motsetninga til nærnynorsken er *avstandsnynorsken*, der alt som nynorsken kan skilje seg ut med, blir dyrka både i ord og former. Vi kjenner dessverre dette godt frå hjelpelause sidemålsstilar skrivne av elevar/studentar som prøver å få språket til å "klinge nynorsk". Denne misforståtte nynorsken er sjølv sagt plagsam for målsaka. Men det kan vere verdt å reflektere over om vi målfolk er i alle fall litt skyldige i at slike førestellingar om at nynorsken er 'annleisspråket', har spreidd seg. Det ligg f.eks. ein fare i at vi for sterkt dyrkar våre eigne indre meinigheitsverdiar om 'dei gode nynorske orda'. Avstandsnynorsken er ikkje god nynorsk om ein vil vinne fram utafør meinigheita.

Internt i målrørsla kan 'dei gode nynorskorda' fungere som ei stadfesting av at vi er trufaste innafor rørsla; dei markerer vår sosiale identitet innafor ei avgrensa gruppe med spesielle kulturverdiar. Dei er symbolord som markerer gruppesamhald. Men folk utafør rørsla oppfattar neppe symbolord utan feste i dialektane som markering av regional eller folkeleg identitet. Symbolorda gjer heller nynorsken til eit avstandsspråk for dei. Strategisk er det derfor viktig at vi viser fram kvardagsnynorsken dersom hovudmålsetjinga er å vinne nynorskbrukarar. Er hovudmålet eit anna: å vinne medlemer til rørsla, må spørsmålet om symbolord sjølv sagt vurderast annleis. Da må ein spele på interne gruppeverdiar. Her må vi gjere eit val.

"Nynorsken er ikkje noko språk, han er ei rørsle," er det blitt hevda. Denne spissformuleringa byggjer nettopp på innsikta ovafor. Denne rørsla er ei svært viktig kraft i språkpolitikken, men det er sjølvødeleggjande om målet for rørsla er berre rørsla sjølv. Rørsla bør arbeide fram mot eit politisk mål i samfunnet utafør seg sjølv. Da kan det vere viktig å skilje mellom dei to formuleringane:

- 1) å vere annleis
- 2) å vere seg sjølv jamvel om ein er annleis

Den første kan vere nok for ei rørsle. Men det er den siste formuleringa som dekkjer den politiske målsetjinga om å gjere folk språkleg sjølvtrygge. (Jamfør sentensen om at språket er til for mennesket, og ikkje mennesket for språket.)


6 Truverdet

I debatten om ordforrådet sist vinter blei det sagt at det var viktig med ein skigard mot bokmålet. Denne innfallsvinkelen flyttar fokuseringa vår frå *likskap med dialektane* til *forskjell frå bokmålet*. Dette perspektivskiftet er strategisk nokså avgjerande. For oss som alt er overtydde målfolk, kan det vere ein styrke for sjela kvar gong vi markerer avstand til bokmålet. Men dei som ser verda frå ein annan synsstad, oppdagar lett at skigarden lagar ein allianse mellom bokmålet og dialekten på eine sida mot nynorsken som står aleine på hi sida:

Bokmål og dialekten

krets
uansett
løfte
bestikke
skjebne
belærande
begynnelse
betydning
eit ubetinga ja
størrelse
ein musikalsk begavelse

osv.



Nynorsk

krins
same kva .../likevel
lovnad
mute
lagnad
???
byrjing, førstning
tyding
eit ja utan atterhald
storleik
ein som er meir enn
vanleg musikalsk

For dei som ser verda på denne måten, representerer ikkje denne nynorsken noka oppvurdering av dialekten. Denne fokuseringa hindrar oss i å drive det offensive nynorskarbeidet som er

referert ovafor. I det arbeidet fokuserer vi på *likskap med dialektane*. Problemet er i kor stor grad argumentasjonen vår verkar truverdigg for dei vi prøver å nå.

7 Prinsipp for ordopptak i nynorsk — kva fell innafor og utafor?

Innstillinga frå 1983 (dvs. Venås-tilrådinga) er ei grundig drøfting av ordforrådet i nynorsk-tradisjonen og av fordelane og ulempene med den styringa det har vore med kva ord som skulle akseptertast som nynorsk-ord. Fleirtalet i nemnda gjekk klårt inn for ei meir liberal linje enn den som hadde vore praktisert:

Fleirtalet i nemnda som Språkrådet sette ned til å vurdere ordtilfanget i nynorsk, vil såleis rå til at den nynorske skriftmålsnorma held fram med å utvide rammene for ordfanget i målet. [...]

Når vi ynskjer å opne norma meir mot vår tid og mot det levande talemålet i norske bygder i dag, det nest siste decenniet av hundreåret etter Aasen, er det ikkje for å gje ringare vilkår for måldyrking og målodling av det slaget som mange gjæve nynorskfolk før oss har bore fram. Det er for å gje vilkår for odling og dyrking med breiare festepunkt: den som går for seg i skulen, der titusenvis av elevar kvart år strevar med å meistre det nynorske bruksmålet anten som hovudmål eller som sidemål. Ei opnare haldning mot det som er kvardagsleg nært for desse arbeidarane i kulturhagen, vil setja nynorsken endå betre i stand til å tene dei ideala han er skapt og utvikla for å tene. Å opne norma meir for det alle veit er daglegmålet i alderen for fjernsyn og andre massemedium, vil vera å ta frå alle desse pliktbundne arbeidsfolka ei bør som dei helst burde sleppe å bera. Det vil vera ei hjelp til å lata nynorsk meir fullt og heilt få den plassen målet var tenkt til å ha. Det nynorske skriftspråket skal no som før frigjera voksterkreftene i daglegmålet. (Venås-tilrådinga s. 43–44.)

Innstillinga munnar ikkje ut i presist formulerte retningslinjer, enda om ho på ein del punkt er svært klår med språklege kriterium. Ved at drøftinga i innstillinga sjølv sagt må leggje vekt på argument både for og mot, kan ein fleire stader bli usikker på kva som eigentleg er konklusjonen. Når fagnemnda har fått i mandat å praktisere synsmåtane i innstillinga, blir det derfor i ein del tilfelle eit spørsmål om å tolke teksten. Denne oppfølgings-saka tener

derfor som ei avklaring på kva tolkingsmåtar fagnemnda skal leggje til grunn i arbeidet heretter. Årsmøtet i 1998 presiserte mandatet frå 1995 med at ein skal halde seg til ei moderat tolking av tilrådinga.

Nedafor kjem ei oppstilling av framlegg til retningslinjer.¹ Desse framlegga er ein revisjon av framlegga til årsmøtet i februar 1998 — i tråd med ønsket om ei moderat tolking av ordforrådsinnstillinga frå 1983. (A representerer folkemålsargumentet, B nynorsk skriftpraksis, og C dei strukturelle restriksjonane.) Framlegga og drøftinga nedafor i dette punktet er dermed eit svar på ønsket frå nynorskseksjonen frå 1998 om ei vidare drøfting.

A) Orda ein tek opp i nynorsken, skal vere utbreidde folkemålsord

Dette er sjølve utgangspunktet, det første kriteriet eit ord må tilfredsstillast for å kunne bli med i vurderinga vidare. Noregs Mållag har òg lagt vekt på idealet om “folkeleg seiemåte”. Om dette folkemålsargumentet finn vi i Venås-tilrådinga s. 24: “For desse elevane er det ein føremon at dei skriftlege normene ikkje i utrengsmål vik av frå talemålet.” Og lenger ned på same sida: “Likevel meiner fleirtalet i nemnda at nynorsk bør halde fram med å utvide normene for skriftleg ordval og ordbruk for å koma talemålet i møte.” Side 25: “Eit viktig moment når ein skal vurdere dette, må vera om dei orda det gjeld, verkeleg er brukte i naturleg talemål, [...]” Side 27: “Ein må leggje vekt på kor mykje brukt ordet er, [...]” Side 29: “[...] og leggje vekt på kor sterkt dei står i talemålet, [...]” Side 32: “Det ein fyrst og fremst bør unngå, er at elevane får feil for å bruke vanlege folkemålsord [...]” Side 27 i tilrådinga står det:

¹ Retningslinjene er først og fremst formulerte slik at fagnemnda skal kunne bruke dei. Det er ikkje alltid slik at språkbrukaren sjølv kan finne ut av alle detaljane. I mange tilfelle trengst det faglege drøftingar og etterrøknader for å kunne avgjere om ord fell innafør eller utafør eit prinsipp. Men interesserte språkbrukarar skal ha tilgang til dei faglege prinsippa og resonnementa. Det er like sjølvstøtt som at dei skal ha tilgang til dei grammatiske reglane, jamvel om ikkje alle er i stand til å bruke reglane.

Fleirtalet i nemnda meiner at slike einskildord ikkje valdar heilt store problem, korkje som grupper eller kvar for seg. Dei mest vanlege einskildord har etter kvart kome med i ordlistene. Når dei kjem i nye utgåver, bør ein også kunne ta med somme nye ord. Når skrivemåte, bøyning eller bruk ikkje går imot systemet i nynorsk, bør lånord av einskildtypen kunne godtakast. Men ein kan gjerne halde fram med å nemne tradisjonelle eller meir tilrådelege ord ved sida av dei, eller endåtil gjera meir av dette. Det kan ikkje skade å utvide vilkåra for ordvalet.

Meininga med retningslinjene må vere at det nynorske ordtilfanget skal kunne utvidast ein god del, slik målet var for fleirtalet i ordtilfangskomiteen. Men det kan òg vere nyttig å sjå på *kva ord som blir stengde ute* av retningslinjene.

Ofte blir det framstilt slik at folkemålsargumentet er så vagt at det fører til fri flyt av ord inn i nynorsken. Slik treng det ikkje vere. For det første er det vel brei semje om at ein med omgrepet 'folkemål' stengjer ute ord som først og fremst hører heime i det såkalla høgare talemålet; for det andre gir det heller inga opning for reine kanselliord. Men 'folkemål' er sjølvstykkt ikkje av dei omgrepa som kan definerast med absolutte grenser, slik at absolutt alt kan plasserast — anten innafor eller utafor. Eit visst grenseområde vil det finnast ved dette omgrepet som ved så mange andre kulturelle omgrep. Likevel er omgrepet nyttig.

Det er ikkje slik at folk vil akseptere alle ord som naturlege *dialektord*. Derimot bruker vi mange ord som vi ikkje reknar som dialektord; dei er såkalla *sitatord* eller stilistisk markerte ord. Vi bruker sitatorda nettopp fordi det ikkje-dialektale preget skal gi tilleggsassosiasjonar. Denne stilistiske bruken kjenner vi jo godt som verkemiddel i f.eks. amatørteater-tradisjonen, som ofte utnyttar dei sosiale normene for kva språkformer som tener som gruppe-markør. At orda har sosial verdi og dermed politisk verdi, har nynorsken nettopp prøvd å innrette seg etter med å vilje forsvare det folkelege.

Med desse avgrensingane for kva 'folkemålsord' skal bety, bør vi kunne våge oss ut "i marka" for å sjå kva følgjer det får å bruke omgrepet. I tillegg skal vi interessere oss for utbreiinga orda har.

For å teste ut omgrepet laga eg i 1993 ei lita undersøking med å la 16 dialektbrukarar frå ulike stader i Noreg gå igjennom ei liste med ord som ikkje er aksepterte i nynorskordbøker. Dialektbrukarane skulle merkje av kva ord dei meinte var i vanleg bruk på heimstaden deira. Uttrykket 'i vanleg bruk' var forklart som 'stilistisk normalord': Det "skal oppfattast slik at du ikkje stussar på om ein bygdemann brukar ordet, og at du ikkje føler det som noka form for knot å bruke ordet."

Resultatet av denne vesle granskinga var at det var overraskande like svar frå ulike dialektar. Det var svært ofte dei same orda som blei markerte som 'i vanleg bruk', og dei same orda som blei strokne ut, dvs. at dei ikkje var 'i vanleg bruk'. Frå 11 til 16 informantar avviser desse orda: *anskrik, anspenne, anspore, anstøyt, anvende, avskjedige, beferde, befeste, begjær, behage, behendig, bekvem, beretning, berømme, besetje, besindig, besjele, besvær, besørgje, betegne, bevitne, får, henrivande, henstand, henstille, lutter, løpe, man, ryste, segne, skjende, skjød, speil, spise, svøpe og veltalenheit*. Med å halde seg til formuleringa i Venås-tilrådinga om at ein skal "leggje vekt på kor sterkt dei [dvs. orda] står i talemålet", kan ein såleis trygt halde f.eks. desse ute frå nynorsknorma.

Derimot er det 3 eller færre av dei 16 som avviser *andel, angå, anklage, anledning, anmelde, anstendig, anstrengje, antakeleg, antal, antyde, anvendeleg, anwise, bederva, bedrøve, befaring, befolke, begavelse, begrave, begravelse, begredeleg, begrense, begrep, begrep, begynnelse, behjelpeleg, behøve, bekrefte, bekymre, belage, benåde, bereist, beskjednen, bestøve, betakke, betru, bevege, bidra, dyktigheit, evinneleg, forargelse, forbrytelse, forelskelse, foreløpig, forgjeves, forlegen, forsøkje, forutsetje, følelse, hensyn, henvende, henwise, hevelse, kjede seg, kjærlegheit, krets, oppdragelse, rådigheit og saligheit*.² Dette

² Dette er folkemålsord. Det er ikkje fruktbart å kalle desse orda 'bokmålsord'. I somme ord kan kanskje bokspråket ha vore førebilete, men mange av desse orda var i folkemålet lenge før vi hadde fått 'bokmålet', og lenge før folk flest i Noreg kunne lese (dvs. dansk skriftspråk). Det er tale om importord frå først og fremst tysk, og mange har nok teke same vegen som andre importord: gjennom direkte kontakt mellom språkbrukarar med ulike språk, mellom nordmenn og f.eks. tyske handverkarar og kjøpmenn, nederlandske sjømenn og trelasthandlarar og danske embetsmenn. Ein del

er klare resultat, og dei fleste orda kom i éi av dei to nemnde gruppene. Det viser at folk har ei kjensle av at ikkje 'alt kan brukast'. Semja er overraskande stor.

Men det finst sjølvsagt også mange ord som ikkje gir så ein-tydige resultat, dvs. slike som blei avviste av 4–10 informantar: *anrope, bedrive, befinne, beleire, bemerke, klebe, kun, lifleg, overbringe, overeinsstemmande, sjenertheit, strebe, uoppmerksomheit og vever*. Slike ord kan ein ikkje så lett hevde er utbreidde folkemålsord.

Denne undersøkinga har noko avgrensa verdi. Utvalet av heimelsfolk var ikkje ideelt for å svare til krava i ei vitskapleg gransking, og metoden burde raffinerast. Men ho viste at avgrensande omgrep som 'folkemålsord' og 'vid utbreiing' kan vere nyttige ved at dei viser til noko vi kan teste. Ein burde vurdere om ikkje Språkrådet skulle få utført ei grundigare gransking. Eit slikt arbeid burde vere ein del av den lovpålagde oppgåva Språkrådet har, jf. § 1, pkt. a. i lov om Norsk språkråd: "følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk".³

Nedafor kjem nokre avgrensande retningslinjer. Dei er i fleire tilfelle uttrykk for at ein likevel ikkje godtek alle folkemålsord. Målet med dei avgrensande retningslinjene er å prøve å ta vare på ein del av dei ordlagingsmåtane som nynorsktradisjonen har dyrka. Summen av prinsippa er såleis eit kompromiss mellom dei omsyna ein må ta i nynorsknormeringa. Ikkje alle dei avgrensande retningslinjene er nemnde i innstillinga frå 1983, men dei er her meinte som ei oppfølging av den varsemnda som innstillinga gir ut-

har vel komme med heimvende nordmenn òg, slike som har vore ute og lært eitkvart. På denne måten har vi fått inn både *skildre, prove, betale* osv. Slik har ofte same orda komme inn i grannespråka våre også.

I dag får vi også inn importord: *breikdans, faite, gaid, kaps* osv. Det er lite interessant å framstille desse orda som 'bokmålsord'. Ønskjer vi å drøfte det språkpresset som foregår i dag mot norsk språk og spesielt mot folke-målet, må vi lage eit sannare bilete av den verkelege språktilstanden før vi dreg konklusjonar og legg opp strategi. Da er det meir interessant å sjå at *betale, krets, anstrengje* osv. er utbreidde folkemålsord, mens *beferde, besindig*, osv. ikkje er det. Dei siste er bokmålsord, ikkje dei første.

³ Ein kan avgrense omfanget av ei slik undersøking, for ein treng ikkje uendeleg mange heimelsfolk for å finne mønster som kan tene som korrektiv til den språkkjensla fagnemndmedlemmene alt sit med.

trykk for, og har som mål at ein ikkje skal lage eit for stort tradisjonsbrott. For å innfri ønsket frå årsmøtet i 1998 om ei moderat tolking har eg bevisst valt dei mest avgrensande formuleringane av retningslinjene. (Her kan ein ev. samanlikne med framlegget til årsmøtet i februar 1998, jf. vedlegg 3)

B) Ved ordopptaket skal ein leggje vekt på om ordet alt er i bruk i skriftleg nynorsk

Denne retningslinja er ikkje nemnd i Venås-tilrådinga. Men i tilrådinga er det fleire gonger vist til kva ord ein 'har bruk for'. Det er vanskeleg å finne ein personuavhengig målestav på kva ein har bruk for, men ein kan resonnerer slik at når nynorskskribentar alt har brukt ordet, er det fordi dei har hatt bruk for det. Når dette ordet da i tillegg har passert kriterium A, og altså er eit folkemålsord, er det forståeleg at skribenten har bruk for ordet.

Ei innvending mot denne retningslinja er at det er prinsipielt uheldig å normere skriftmålet for sterkt etter skriftmålet; da arbeider og argumenterer ein i sirkel. Det blir også uråd å rette opp gamle uheldige normeringar, for med effektiv undervisning kan mye tvingast inn i skriftmålet. Med stadig betre staveprogram til tekstbehandlingsprogramma (og med aukande bruk av desse staveprogramma) kan ein tenkje seg at dårlege normvedtak blir godt etablerte i tekstproduksjonen og dermed skriftradisjonen⁴. Med overdriven bruk av dette prinsippet mistar ein dermed dei korrektiva ein burde ha til norma.

Men denne innvendinga er kanskje ikkje viktig når det gjeld ordforrådet, for situasjonen i dag er at vi har eit mishøve mellom *normeringstradisjonen* (dvs. det som står i ordbøkene) og *den faktiske skriftradisjonen*. Habile nynorskskribentar bruker mange ord som ikkje er godkjende i ordbøkene, og mange blir forundra når dei oppdagar at orda ikkje står der! Dermed blir spørsmålet om vi skal korrigere *normnynorsken* noko etter *den faktisk brukte nynorsken*. Når

⁴ Jamfør den obligatoriske skrivemåten utan *j* i verbalsubstantiv som *bygging* av verbet *byggje*. Korrekturprogramma kan effektivt rydde ut *j*-ane, og dermed blir skriftradisjonen eit argument for å halde på ein systematisk sett galen skrivemåte.

vi kombinerer retningslinje B med A, kan vi ikkje skuldast for å ta inn berre papirord. Ord som da blir kandidatar til å komme inn i ordbøkene, er *ord som er i den nynorske skriftradisjonen fordi dei er brukte i talemålet*.

Med å bruke kriteriet ovafor vil spørsmålet ikkje dreie seg om kor mange nye ord ein skal ta inn i nynorsken, men om *kor nær ein skal leggje norma til den faktisk brukte nynorsken*.

Prinsipp B kan praktiserast ved at ein bruker *Nynorsk frekvensordbok* (Vestbøstad 1989) som grunnlag for å avgjere kva ord som er i bruk i den faktiske nynorsktradisjonen.⁵ Bruker vi prinsipp B på dei orda som fagnemnda i februar 1998 foreslo inntekne i nynorskordbøker, fell desse ordframlegga ut fordi har har 0 belegg:

antaste, avtrede, barmhjartig [-hjertig], bedugga (adj.), bedåre, beføle, behøve, belysning, benåde, bereist, besjele, beskjere, beskytte, bestikke, døgenikt, etterretteleg, evinneleg, forberede, forhåpentleg(vis), forskriftsmessig, forære, heilagbrøde, innbringande (adj.), kretse, middelalder, omkrets, opprinnelse, overanstrengje, overbevisning, skjebnesvanger, skjønn(n)smessig, skussmål, skytshelgen, spisevegring, sporenstreks, ubehøvla (adj.), værelse, ømfintleg.

Ønsker ein å setje kravet enda høgare, kan ein f.eks. òg halde unna orda med berre eitt belegg i frekvensordboka:

anløp, anstøyt, bederva, bedyre, belage, belyse, beslekta (adj.), betakke, bilag, deileg, ferdigheit, foreløpig, forgjeves, fornøyeleg, forløpar, fortrefteleg, forårsake, handgemeng, hukommelse, inntreffe, kjennelse, oppstandelse, rådigheit, skikkelse, strebar, ubetinga.

C1) *Ein tek ikkje inn ord når dei i bygnad ligg nær alt etablerte nynorskord.*

Med dette avgrensar ein seg mot f.eks. *advare* for *åtvare*, *antal* for *tal*, *bedrive* for *drive med*, *begrunne* for *grunngi*, *anklage* for *klage på*,

⁵ Med tida bør ein byggje opp eit nyare nynorsk tekstkorpus som ein kan referere til.

bedåre for *dåre*, *befri* for *frigi*, *begrave* for *gravleggje*, *begrense* for *avgrense*, *berøre* for *røre ved* osv.

'Å liggje nær' vil seie at det aktuelle ordet utan stavingane *ad-*, *an-* og *be-* svarer til det tradisjonelle nynorskordet med eller utan ein preposisjon. Det tradisjonelle nynorskordet kan også vere eit samansett verb, som vist ovafor. Retningslinja her er i Venås-tilrådinga formulert berre for *be-*ord:

Ein bør ikkje ta opp verb [...] som svarar heilt til same verbet utan *be-* med eller utan preposisjon (*betvile: tvile på, benytte: nytte*). (Venås-tilrådinga s. 28.)

Det er rimeleg å la denne retningslinja gjelde meir generelt enn det som Venås-tilrådinga formulerer, dvs. med å la ho også gjelde for både *ad-*, *an-*, *be-*, og *hen-*.

I alle desse tilfella er problemet lite fordi den viktigaste delen av orda i paret er lik, og det som er ulikt (dvs. *ad-/åt-*, *an-*, *be-* og *hen-*), er noko vi kjenner att, og dermed kan språkbrukaren lettare utvikle ein strategi for å finne ut av samsvaret. Noko verre er det med f.eks. *heilagbrøde*, *kjede*, *kjedeleg*, *skussmål* og *strebe*. Det er ikkje noko mønster ein lett kjenner att mellom sisteleddet i *heilagbrøde* og sisteleddet i det tradisjonelle ordet *heilagbrott*. At *skuss-* og *skots-* står i noko systematisk forhold til kvarandre, er heller ikkje lett å sjå. Det same gjeld *strebe* og *streve*. (Her kjem det i tillegg at det i dag er vanleg med ein tydingsforskjell på dei to orda.)

Så langt kan ein seie at det er lett å skilje mellom ein 'gjennom-siktig likskap' (*åtvare/advare*) og ein 'ugjennom-siktig likskap' (*skots-/skuss*). Derimot kan ein tvile meir på kva side av grensa ein skal plassere orda *kjede* og *keie*, for her finst det fleire ord frå før i nynorsk med *-ed-* og *-ei-*, samtidig med at ein tradisjonelt har halde *redar* ute fordi ein har rekna *reiar* som same ordet. Men det kan likevel vere tvilsamt kor utbreidd den kjensla er at å *kjede seg* er same uttrykket som å *keie seg*.

Her bør det komme ei presisering av kva som er den ønskjelege retningslinja. Det er f.eks. mogleg å formulere og å leve etter ei retningslinje om at *ein reknar til same ordet slike ordformer som alt har parallellar med same lydlege forskjellane*, dvs. slike tilfelle som

kjede-keie, redar-reiar osv. Den moderate tolkinga av tilrådinga frå 1983 talar for at ein held seg til ei slik retningslinje. Dermed går framlegga *keie* og *keieleg* automatisk ut.

(Eit problem vi i så fall likevel står att med, er at nynorsknorma alt har teke inn ord av denne typen: *beredskap, skjede*.)

C2) *Ein tek ikkje inn slike ord på -else når ein kan la tilsvarande ord på -ing eller -nad eller i kortform ha same tydinga.*

Venås-tilrådinga har ingenting om *-nad*, men skriv s. 29:

Elles meiner fleirtalet i nemnda at vi framleis ikkje bør godta reine verbalsubstantiv på *-else* i nynorsk. Endinga *-ing* bør i slike ord vera obligatorisk. Andre ord bør ein vurdere einskildvis og leggje vekt på kor sterkt dei står i talemålet, og kor lett det er å finne avløysarar med same tydingsnyanse. Det skulle då ikkje vera noko i vegen for å ta med einskilte fleire ord på *-else* som ein måtte meine det var bruk for.

Ein god del av folkelege ord på *-else* har same tyding som tilsvarande ord laga med det tradisjonelle nynorske *ing*-suffikset, og dermed kan dei ikkje godtakast i nynorsk: *anstrengjelse, beklagelse, bekreftelse, besvimelse* osv. Her må det heller heite *anstrenging, beklaging, bekrefting, besviming* — dersom orda tilfredsstiller dei andre vilkåra for å bli godtekne. (Det gjer ikkje *beklage* og *besvime*, jf. C1.)

Å avgjere om eit *else*-ord kan ha same tyding som eit *ing*-ord, er stundom vanskeleg. Det er ein klår tydingskilnad i tilfelle som *forbinding* og *forbindelse*, der *else*-ordet ikkje er direkte knytt til eit verb i norsk. Derfor kan ein ikkje byte det ut med eit tilsvarande *ing*-ord. Slik er det òg i *størrelse*.

Ovafor er det bevisst valt ei streng formulering av retningslinja. Det har som følge at slike ordpar med *-else* og *-ing* som i talemålet kan ha klår tydingsforskjell, må falle saman i eitt *ing*-ord på nynorsk. Det gjeld der *else*-ordet viser til eit litt anna omgrep (ofte noko meir konkret) enn sjølve verbalhandlinga i *ing*-substantivet: *aktelse-akting, bestemmelse-bestemming, følelse-føling, oppbyggjelse-oppbygging*. Tydinga av første ordet i paret må her takast opp i det andre. Desse framlegga frå februar går dermed ut: *anskaffelse, be-*

byggjelse, bevegelse, bestemmelse, betingelse, forbrytelse, fordervelse, forferdelse, forlystelse, fornøyelse, følelse, innskytelse, medfølelse, omgjevelse/omgivelse, oppbyggjelse, salvelse, skuffelse, uttalelse.

Det er alt ein del tilfelle i nynorsk der ein har definert *ing*-substantivet til ikkje berre å ha verbalsubstantivtyding, men også å ha den meir spesielle tydinga som *else*-substantiva til vanleg har: *reinsing* kan etter *Nynorskordboka* tyde både *reinsing* og *reinselse* (= 'foredling, lutring'). (*Nynorskordboka* har òg alt *anfeking*, som i talemålet truleg oftast heiter *anfektelse*.) Etter same boka er det litt uklårt om *begynning* tyder både 'det å begynne' og 'førstning' (jf. *begynnelsen/begynninga av mars*). Men etter *Nynorskordboka* er både *fordøyelse* og *fordøying* godkjende med verbalsubstantivisk innhald, og dermed ser ein tydeleg problemet som ein stundom må løyse.

C3) *Ein tek ikkje inn verb som endar på -ige (t.d. beskjeftige) og avleiingar av dei.*

Dette er drøfta s. 28 i Venås-tilrådinga, og det er sikta til f.eks. *beskjeftige, avskjedige*. Det er nok vanskeleg å finne verb på *-ige* som er utbreidde i folkemålet, så her er få problem.

C4) *Ord på -heit.*

Ord på *-heit* som er *produktivt laga*, treng ein strengt teke ikkje ta med i ei ordbok. Det må ein derimot gjere med *ikkje-produktivt* avleidde ord, dvs. ord av typen *leilegheit* som ein ikkje kan tolke ut tydinga av med å sjå på leddet framom *-heit* (her *leileg-*). For *heit*-orda gjeld desse avgrensande retningslinjene (jf. Venås-tilrådinga s. 31f.):

1. Ein godtek ikkje *heit*-avleiingar av perfektum partisipp, presens partisipp og adjektiv på *-et/-ut*, dvs. f.eks. ikkje *klossetheit*.
2. Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleiing, dvs. f.eks. ikkje *arbeidslausheit*.
3. Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleiing, dvs. f.eks. ikkje *lønnsamheit*.

4. Ord som nynorsk alt har suffiksa *-dom*, *-skap*, *-leik* i, skal framleis stå som eineformer; dvs. at ein ikkje godtek *friheit*, *likheit*, *kjærlegheit*.

5. Ein godtek ikkje *heit*-ord der det i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar, dvs. f.eks. ikkje *rettferdigheit*.

Orda med suffiksa *-dom* og *-skap* og kortforma (suffikslause) substantiv er ikkje fremmende i dialektane i mange av desse tilfella. Derimot kan dei to suffiksa *-semd* og *-leik* (dvs. ord som *lønsemd* og *kjærleik*) knapt reknast som produktive og levande i ordlaginga i dialektane i dag. Men her har vi igjen gitt retningslinja ei "moderat" form.

C5) *Nynorsken godtek ikkje fleire substantiv i inkje-kjønn på -ande.*

Som substantiv er ikkje *ande*-orda mange i norsk folkemål. Nynorsk har frå før nokre hankjønnsord: *vakthavande*, *ansvarshavande*, *reisande* osv. Også eit inkjekjønnsord har ein: *pålydande*. Pålegget om "moderat tolking" kan ein følgje opp med å markere ein restriksjon mot slike ord, trass i at nokre er utbreidde i talemålet og trass i inkonsekvensen ved at eitt alt er godteke. Denne restriksjonen vil stoppe *illebefinnande* og *forgodtbefinnande* or framlegget frå februar 1998.

C6) *Ein markerer ikkje etymologisk samanheng mellom det tyske importordet og andre nynorskord dersom det ikkje er vanleg å ha slik formsamanheng i dialektane.*

Det er ein tradisjon ikkje minst innafor nynorsk at ein prøver å vise samhengane i språkstrukturen ("*samanhengslova*"). I morfologien kjem det til uttrykk f.eks. i at ein skriv *gav* med *v* sjølv om mange ikkje uttalar *v*-en, for å vise samhengane med andre verbformer som må ha *v*-en i uttalen (f.eks. *givande*, *gjeve*). Ein skriv *gi/gje* med *g* for å vise samhengane med *gav*, som er einaste forma med uttalt *g* i dette verbet.

Slike samanhengar prøver ein også å vise mellom ord som har med kvarandre å gjere. Vi skriv f.eks. *reinse*, *beinke*, *seinke* for å

vise sammenhengen med adjektiva *rein*, *bein* og *sein*, men ein må leite lenge for å finne dialektar som har diftong i verbformene. Men på hi sida har vi også unntak som *halde* — *forhold*. Blant framlegga ovafor dukkar problema opp i f.eks. *begåva*, som må tolkast som 'det å ha (fått) store gåver/evner'. Den vanlegaste uttalen er nok *begava* (ingen har meldt om uttalen *begåva*). Ettersom *gåve* berre kan ha *å* i ordstammen i nynorsk, må ein ordsamanheng visast med å skrive *å* også i *begåva*.

Mange stussar nok på former *begåva* (og ev. også *begåvelse* — om det ordet hadde passert B). Men det er kan hende mest pga. at vi ikkje har sett denne skrivemåten før. Dei mange av oss som seier *gave*, stussar ikkje på skrivemåten *gåve*, for den er vi vane med.

Held ein sterkt på retningslinja om samsvar, kunne ein òg ha vurdert å ta inn forma *gave*. (Ordet *gåve/gave* er også eit importord frå tysk. Det heimelege norrøne ordet var *gjof*. *Gåve* går inn i ein heil serie med importord som har dels *a* og dels *å* i dialektane — f.eks. *råme/ram(m)e*, *skråme/skra(m)e*, *plåster/plaster* — og nynorsken har godteke *a*-en i stadig fleire av desse orda.)

Eg trur det er rett å prøve å følgje samanhengsprinsippet nokså langt. Men det bør nok gå ei grense her også. Ein kan da bruke Aasens prinsipp om at ein ikkje (re)konstruerer former for samsvar mellom ord i tilfelle der det ikkje finst belegg for slike former i nokon dialekt i dag. (Det kan ein seie alt er følgt i *halde* - *forhold*, men neppe i *beinke* o.fl.) Det vil seie at dersom alle dialektar med forma *gåve* har forma *begava*, er det ingen dialekt som held på nokon samanheng mellom orda, og da skal heller ikkje nynorsk-norma innføre ein slik samanheng. Men finst det eit visst talemålsgrunnlag for samsvaret *gåve* - *begåva*, bør nynorsken halde på det. Bruker ein ei slik retningslinje, må ein finne ut noko om norsk talemål først, og deretter er ein i stand til å dra konklusjonen. I dette eine tilfellet blir resultatet at ein må foreslå forma *begava*.

C7) *Opptaket av eit ord i éin ordklasse treng ikkje føre til opptak av tilsvarende ordstamme i ein annan ordklasse.*

Eit språk importerer ord på sine egne premisser; det tek derfor ofte inn eit ord berre i éi tyding eller i éi form av fleire som finst i opphavsspråket. Det heiter f.eks. *tvungen lønnsnemnd* der vi har im-

portert adjektivet *tvungen*, som i opphavsspråket er eit partisipp av eit sterkt verb. Men vi har altså ikkje importert verbet (som svarer til det svake *tvinge* på nynorsk). På same måten finn vi også vidt utbreidd adjektivforma *anvend* (*godt anvend tid*); men verbet *anvende* er lite brukt, sjølv om det norske adjektivet *anvend* sjølvstg er historisk i slekt med det tyske verbet *anwenden*. Adjektivet *anvend* blei godkjent i 1995.

Dette vil seie at om vi vil normere nynorsk på eigne premissar, skal vi ikkje bli forvirra av ord-mønstra i eit anna språk (verken tysk eller bokmål). Derfor inneheld framlegget ovafor formene *betenkt* (adj.) og *uansett* (adv./prep.). Det finst parallellar til slik normering før.

8 Fleire presiseringar

Når ein arbeider på den måten som er vist ovafor, oppdagar ein fort ein del "normeringstekniske" problem som Språkrådet etter kvart må finne prinsipielle løysingar på. (At ein får slike problem, treng ikkje vere noko negativt; det kan heller vise at ein arbeider grundig med normeringsspørsmåla!) Eg skal illustrere to:

a. *Kriteriet om folkemålsord* (A) er sjølvstg knytt til diskusjonen om dei "tradisjonelle problemorda". Språket skal òg innehalde ord for omgrep som det ikkje er aktuelt for folk flest å bruke. Mest gjeld det fagleg terminologi. Desse orda spelar ikkje same rolla i dei sosiale/kulturelle motsetningane i samfunnet, og her er ikkje folkemålskriteriet relevant.

Eit ikkje-fagleg ord er preposisjonen *ifølgje* (jf. *I følgje lova om ...*), som neppe har vore eit utbreidd talemålsord. Men i dag er denne preposisjonen truleg på veg inn i talemålet der ein i tradisjonelt mål heller brukte formuleringar som f.eks. "*Slik som det er bestemt i lova om ...*", "*Etter lova om ...*". I skriftlege framstillingar kan det vere behov for meir komprimerte uttrykksmåtar, og da er første varianten for ordrik. Den andre er derimot knapp og syntaktisk heilt parallell til *ifølgje*, og han er til vanleg blitt tilrådd brukt i nynorsk. Men preposisjonen *etter* har ei konkurrerende tyding som går på rekkjefølgje i tid, og da kan ein få setningar som blir

tvitydige: *Etter det nye vedtaket fekk dei ingenting å gjere*. Bruker ein *ifølgje*, blir setninga eintydig.

Slike tvitydige setningar kan vere årsaka til at *ifølgje* har komme så sterkt inn i talemålet og nynorsk skriftmål. (Frekvensen er 39 i frekvensordboka for *ifølgje* i eitt ord. *I følgje* i to ord kan ein ikkje finne ut noko om i denne ordboka.)

Godtek ein argumentet om at denne preposisjonen er *tenleg til å auke presisjonen* i ei framstilling, bør han godtakast. (Kompakt framstilling høyrer til det ein reknar som ein nødvendig forskjell på språkbruket i ein talesituasjon og i ein skrivesituasjon.)

b. Under drøftinga sist vinter var det framme kritikk mot forma på ordet *deileg*. Trass i absolutte påstandar om det motsette finst denne forma i norsk talemål. Og det er ikkje underleg at begge formene finst, for det er fleire adjektiv som har skiftande suffiksform, dvs. at dei er blitt analyserte ulikt i dei ymse dialektane. Det gjeld f.eks. *kjøl-leg/kjøl-ig* og *bil-leg/bill-ig*. Dette adjektivet kjem tydeleg i same gruppa. Det kan godt hende at *ig*-suffikset er mest utbreidd.

9 Om lågtyske importord som alt er godtekne

Eit levande språk importerer og tilpassar ord frå andre språk. Det heilt normalt. Levande språk har ei evne til både å lage nye ord på heimleg grunn og til å tilpasse importerte ord til det heimlege språkssystemet. I prinsippet er alle språk blandingsspråk, og kor stort prosenttal ein vil rekne med på importerte ord, er avhengig av kor langt tilbake i språkhistoria ein vil gå.

Av visse kulturhistoriske grunnar bruker vi oftast å samanlikne moderne norsk med norrønt, og da har somme rekna seg fram til at ca. 40 % av orda i språket vårt, er importord, og 30 av desse prosentane er ifrå lågtysk eller nederlandsk. Importorda frå engelsk utgjer ca. 2 %. (Indrebø 1932: 32f., Venås 1985: 33, Sandøy 1997: 37.)

Importorda er så kvardagslege at vi knapt oppdagar dei:

Skreddaren tenkte at trøya passa ypparleg, men kunden klaga og meinte at plagget var kort og tyet simpelt og grovt. (Jf. Hødnebo 1971: 41.)

Dersom vi her tek bort alle importorda for å sjå kva vi har att som "opphavleg norsk", får vi dette resultatet:

"..... at, og at
var og og"

Endatil heilnorske nynorskord som *skildre* og *prove* har komme frå lågtysk, men dei har fått status som "bunadsord". Ei nynorsk ordbok har fullt opp av slike importord som vi bruker og føler er gjengse norske ord. Som oftast har orda også vore i bruk i norsk tale i fleire hundre år.

Språkleg sett er det eigentleg svært tilfeldig at nynorsken har gjort dei såkalla *anbeheitlese*-orda til største problemet. Men også dei har nynorsken etter kvart godteke så mange av at framlegget ovafor blir berre eit lite tilskott. Alt Aasen og samtida hans tok med ein del av desse orda, særleg *be*-ord. Første generasjonen etter Aasen var strengare. Strengast var kanskje ordlista åt Lars Eskeland frå 1895, som tok med einast *begynda*, og ordlista åt Matias Skard frå 1901, som tok med berre *betala*. Men desse to ordlisteredaktørane tok snart inn mange fleire av desse orda i seinare utgåver. (Jamfør Nes 1984.) Frå *Nynorskordboka* (1993) kunne vi ha lage lange utlistingar av ord med dei velkjende lågtyske pre- og suffiksa.

Eit relevant moment å ta med er også at importorda frå tysk ikkje blir fleire i norsk. Importen hører til ein avslutta historisk epoke. Rettnok er det i bokmålet ein del tyske importord som ikkje finst i folkemålet, men dei fleste er truleg så stilistisk markerte at dei ikkje representerer noko stort press. I alle fall er det ikkje lett å hevde med stor styrke at dei tyske importorda representerer ein trugsel mot moderne norsk; somme vil truleg oppleve diskusjonane i nynorskleiren som ein anakronisme. Utafor målrørsla finn ein nok ei større frykt for trugselen frå engelsk, og den er aktuell *i dag*. Vi bør derfor ta med oss to poeng: 1) at det er mogleg å framstille diskusjonen vår som ein språkleg anakronisme, og 2) at

diskusjonen vår blir ein intern rørsle-diskusjon som ikkje treffer andre folk heime, for dei opplever ein annan fare for språket — som målrørsle ikkje har vist like stor interesse for.

10 Om verknadene av å ta opp nye ord

a. *Endrar vi nynorsken mye, og blir dei tradisjonelle orda trengde ut?* Dette spørsmålet er blitt aktualisert i innlegg mot ordframlegga. Svaret er truleg at preget eller stilen i nynorske tekstar vil endre seg minimalt om dei foreslåtte orda kjem inn i ordbøkene. For det første ville desse orda utgjere berre 0,078 % av ordforrådet i *Nynorskordboka*. Det er sannsynleg at heilt moderne importord (som f.eks. *bag, matsj, klinsj*) blir tekne raskare opp i skriftmålet og dermed kjem til å prege den framtidige nynorsken meir enn desse gamle importorda vil gjere. For det andre er nok stilen og tradisjonen i nynorsk så sterk at det ikkje vil skje raske omleggingar. Vi som alt skriv nynorsk, kjem truleg til å halde fram med å skrive på same måten som før, og dei nye nynorskbrukarane vil vere så sterkt prega av det dei les, at tradisjonsorda vil dominere hos dei også, jamvel om nettopp dei vil ha lettare for å ta inn andre ord. Nynorsken er ikkje eit ungt språk lenger; han har fått si eiga tyngdekraft. Det må ein ta omsyn til — same kva syn ein har på tradisjonen.

For nokre år sia undersøkte eg bruken av «reine» og «ureine» ord i nynorsken (jf. Sandøy 1994) med å studere *Nynorsk frekvensordbok* (redigert av Per Vestbøstad, 1989). Hovudinstrykket var at tradisjonelle «reine» nynorskord står seg svært godt jamvel om det har komme inn «ureine» tyske importord i ordbøkene. Slik har f.eks. *anbefale*, som kom inn alt i 1912, ein bruksfrekvens på berre 3, *tilrå* på 66. Andre ord frå 1912 er:

Nyord

anbefaling 0
angrep 17
begynna 72
besøk 33

Tradisjonsord

tilråding 77
åtak 51 (jf. angripe 1)
byrja 197
vitjing 48

	gjesting 7
besøkja 18	vitja 41
	gjesta 12

Tydeleg lågare frekvens på tradisjonsordet enn på nyordet fann eg berre i eitt tilfelle: *vernebuing*, som hadde frekvensen 0, mot *beredskap*, som hadde 4. Ordet *vernebuing* kan altså døy ut no når *beredskap* har komme inn.

Hovudkonklusjonen etter dette oversynet (og ei mye lengre oversikt i Sandøy 1994) må bli at tradisjonsorda står seg svært godt, ja, forbausande godt! Det er eit gjennomgåande resultat når vi samanliknar ordpara. Sia lenge før krigen har ordlistene innehalde ord som *anbefaling*, *angrep*, *besøk* og *besøkje*; og trass i at tre og fire generasjonar har bladd i desse ordlistene, har dei ikkje gløymt å bruke *tilråding*, *åtak*, *vitjing* og *vitje*. Det er nettopp dei siste orda som dominerer sterkt framleis! Og går vi til orda som har komme inn etter krigen, blir lista over ordpar med dominerande tradisjonsord enda lengre.

Her er det tydeleg tale om eit nynorsk ordtilfang som er gått inn i skrifttradisjonen, og orda går ikkje or bruk sjølv om dei har fått sterke konkurrentar. Situasjonen er heller at mange språkbrukarar nyttar tradisjonsord og nyord om einannan, t.d. til språkleg variasjon. Det er altså mest nærliggjande å slutte at skriftspråket er blitt rikare med opptaket av slike nyord som elles hører daglegtalen til. Nynorsken er eit så levande bruksspråk i dag at det har fått ein sterk skrifttradisjon, og den rasar ikkje saman om det kjem nye friske vindpustar. Dei innarbeidde orda har ofte innhald og stilverdiar som sikrar dei liv, og derfor er det nok slik ein medlem på Språkråds-årsmøtet i februar 1998 hevda, at det er ein rikdom å kunne variere mellom *ei togn*, *ei stille* og *ei stillheit*. Både Arthur Klæbo og andre nynorskbrukarar har meistra å utnytte nettopp slik ordrikdom stilistisk.

Ei anna side ved denne saka er at nynorske skribentar til alle tider har brukt ord som ikkje har vore godkjende i nynorske ord-bøker. Nedafor skal eg vise bruksfrekvensen for nokre *ikkje* til-latne ord i nynorsk, der frekvensen for det offisielle nynorskordet står i høgere spalta. Først kan vi ta dei som kom inn i nynorsk i

1988, og som altså var "ulovlege" da materialet til frekvensordsordboka kom til:

"Ulovlege"

antrekk 1
 begeistra 4
 begripe 3

begripeleg 0

bevis 10
 bevise 9

erfare 10
 erfaring 43
 erobring 1

gebursdag 0

grådighet 0

nyheit 9

Tradisjonsord

klede 90
 oppglødd 7
 skjøne 156
 forstå 325
 fatte 20

forståeleg 10
 skjøneleg 2

prov 21
 prove 19
 påvise 16

røyne 29
 røynsle 91

hærtaking 0
 siger 67

fødselsdag 3
 åremålsdag 1

hækne 0
 grådigskap 1

nyhende 8

Vi ser her at dei fleste orda som kom inn i 1988, var ein del av den nynorske skriftradisjonen alt før Språkrådet gjorde dei "lovlege".

Blant ord som "bankar på døra" til nynorskordlistene i dag (eller som står dei nær), er:

“Ulovlege”	Tradisjonsord ⁶
anerkjenne 4	godkjenne 194
angå 10	akte 10
anspent 3	gjelde 779
antakeleg 2	truleg 273
antaste 0	forgripe 0
	mishandle 5
antytte 16	ymte 10
bederva 1	skjemd 2
bedrøveleg 3	trist 33
	mismotig 0
bedyre 1	love 132
befolke 2	busetje 20
begava 2	gåverik 3
begavelse 0	givnad 5
	talent 14
behøve 0	trengje 295
bekreftje 7	stadfeste 59
belysning 0	lyssetjing 0
	(men: belyst 1)
	lysanlegg 7
beskjeden 6	smålåten 12
beskytte 0	verne 61
	(men: beskyttelse 1)
bestikke 0	mute 1
betrakte 15	sjå 3084
bevege 2	røre 59
	røyve 0
bilag 1	vedlegg 1
evinneleg 0	æveleg 11

⁶ Ein del av dei relativt frekvente orda har eg ikkje sett opp noko «parord» til, fordi det ikkje svarer eitt enkelt ord til dei med same tyding og i same ordklassen. På nynorsk må ein skrive om *beklage* med *seie seg lei for* osv. Det er klart at det er uråd å bruke ei frekvensordbok til å jamføre enkeltord på eine sida med heile uttrykk på hi.

ferdigheit 1	evig 34 (men: evindeleg 1)
	tame 2
	dugleik 6
forbindelse 6	samband 249
forbrytelse 0	brotsverk 44
foreløpig 1	førebels 109
forgjeves 1	fåfengd 8
fornøyeleg 1	morosam 18
følelse 1	kjensle 104
kjedeleg 3	keisam 10
kjennelse 1	orskurd 2
krets 25	krins 83
løfte 8	lovnad 33
omgivelse 0	omgivnad 10
opprinneleg 14	opphavleg 29
overbevise 2	overtyde 35
skikkelse 1	skapnad 3
skjebne 6	lagnad 19
skuffelse 3	vonbrot 13
strebar 1	klattrar 0
	strevar 0
størrelse 3	storleik 45
uttalelse 4	fråsegn 50
	uttale 44
værelse 0	rom 216
ømfintleg 0	sår 23
	nærtakande 1

I denne lista ser vi altså at somme av orda i framlegget frå fag-nemnda alt har ansiennitet og tyngd, t.d. *krets* og *opprinneleg*. Men på denne lista er det berre *antydde* som står sterkare enn det til-svarande offisielle nynorskordet, altså *ymte*.

I denne lange opplistinga ser vi igjen at tradisjonsorda er dei som står sterkast, og vi kan nok dra den konklusjonen at nynorsk- brukarar i stor grad er lojale. Ikkje minst ser vi det av dei tilfella der ord som er utbreidde i talemålet, står med 0 i frekvens. Om

denne lojaliteten går til *autoriserte rettskrivingsvedtak*, eller om han egentleg går til *den nynorske skriftmålskjensla* som vi har fått bygd opp, er det ikkje råd å avgjere her på grunnlag av statistikk. Men denne "vente"-lista viser noko av det same som den historiske lista ovafor, nemleg ein dominans av tradisjonsord, men likevel eit lite innslag av kvardagsord som ikkje alltid er lette å unngå. Vi kan nok våge å hevde at desse "ulovlege" orda som er i faktisk bruk, ikkje er ord som berre har dukka opp i det siste fordi brukarane stadig tøyser seg litt lenger enn skinnfellen (= norma) rekk. Det skulle forundre meg om ikkje desse same "lovløysingane" var brukte for både ein og fleire generasjonar sia òg. Dei har nok vore ein del av den folkelege nynorske praksisen, og såleis ein del av den nynorske skriftradisjonen. Det kan gjelde ord som: *anerkjenne, angå, antyde, bekrefte, beskjeden, krets, løfte, opprinneleg, skjebne* o.fl.

b. *Vil nynorsken stå svakare mot bokmålet?* Svaret på dette spørsmålet blir avhengig av kvar ein reknar med at frontane går: 1) Dersom vi reknar *uansett, anta* og *krets* som bokmålsord, blir svaret *ja*. (Men i så fall blei vi svekte alt da *prova, skildra, betala* og *anbefala* blei godtekne ord.) 2) Dersom vi tek utgangspunkt i at *anbefale, betale, foreløpig, krets* og *uansett* er folkemålsord, og at fronten går mot bokmålsorda *beskjeftige, beferde* osv., står ein sterkare ved å ha oppnådd større samsvar mellom nynorsken og folkemålet.

c. Opnar vi for fleire folkemålsord i nynorskordbøkene, *reduserer vi vanskane med å skrive nynorsk*, slik Venås-innstillinga understrekar. Eit tilleggsmoment er at vi på den måten held meir av det vi lovar når vi hevdar at nynorsken ligg så nær dialektane. Den som har røynsle frå praktisk nynorskopplæring og frå offensiv nynorskargumentasjon, veit at folk er opptekne av forbodsorda i nynorsk, og dei øydelegg truverdet i argumentasjonen vår. No kan vi gjere nynorskideologien meir truverdig.

d. Om ein nærmar det nynorske ordforrådet til det som er utbreidd talemål, vil det vere *lettare for brukarane å forstå normeringspolitikken* når det gjeld ordforrådet. I dag kan det verke ubegripeleg at *krets, antyde, bearbeide* og *uansett* er forbodsord, mens

anbefale, anfekting, angrep, bistand, betale og *bestå* er godtekne ord. Dersom avgrensingane ein gjennomfører, kan ta utgangspunkt i retningslinjer, er det mogleg for språkbrukarane å forstå *korfor* normeringa er som ho er, og ein aksepterer lettare dei grensene som er sette. Det vil seie at det er lettare å godta og leve med at ordet *bedrive* ikkje skal skrivast på nynorsk når det er ein konsekvens av ei retningslinje som ein ser systemet i (jf. B ovafor), enn om det verkar heilt tilfeldig at dette ordet er blitt eit forbodsord.

Litteratur

- Almenningen, Olaf og Åsmund Lien. 1978. *Striden for nynorsk bruksmål*. Oslo: Samlaget.
- Bjørkum, Andreas. 1967. Vert dei norske målføri borte? *Syn og Segn* 1967: 571–579.
- Faarlund, Jan Terje (red.). 1998. *Ordtilfanget i nynorsk – synsmåtar og røymsler* (Norsk Språkråds skrifter nr. 5). Oslo: Språkrådet
- Gerdener, Wilhelm. 1986. Der Purismus in Nynorsk. Historische Entwicklung und heutiger Sprachgebrauch. Münster: Kleinheinreich.
- Heggelund, Kjell Tørres. 1985. Bruken av ord på an-, be-, -else og -he(i)t i nynorsk. *Maal og Minne*: 227–248.
- Hødnebo, Finn. 1971. Nedertyske (platt-tyske) lånord i norsk. I *En bok om ord*, utg. Dag Gundersen o.fl. Oslo: Universitetsforlaget.
- Indrebø, Gustav. 1932. *Nynorsk og bokmål*. Bergen.
- Lauvhjell, Arne (red.) 1983. *Heit strid om nynorsk. Dokument og meiningar 1980–83*. Oslo: Novus.
- Nes, Oddvar. 1984. *Om nokre affiks i nynorsk — mest om -heit*. 2. utg. Bergen: Nordisk institutt.
- Omdal, Helge og Lars Vikør. 1996. *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Oslo: Cappelen/Landslaget for norskundervisning.
- Sandøy, Helge. 1994. Tradisjon og brot i nynorsk ordtilfang. *Språklig Samling* nr. 1/94: 10–16. [Revidert versjon kjem i Faarlund (1998).]
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 1997. *Lånte fjører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord*. (Utgreiing for Kulturdepartementet og Norsk språkråd.)
- Sannerholt, G. og L. J. Aarhus. 1992. *Moderne nynorsk ordforråd*. - "Anbehetelse"-ord i nynorsk. Oslo: Norspråk.

- Venås, Kjell. 1985. Om ordlaging på heimleg grunn. *Språk i Norden 1985*: 26–45.
- Venås-tilrådinga = "Tilråding om ordtilfanget i nynorsk." Av Kjell Venås, Andreas Bjørkum, Alf Hellevik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. I Lauvhjell (red.) 1983: 15–44.
- Verlo, Jorunn Kittang. 1993. *Holdningar til nynorsk og bokmål som skulemål i Måløy og Høyanger. Ei språkhistorisk og språksosiologisk gransking.* [Uprensa hovudfagsavhandling.] Bergen: Nordisk institutt.
- Vestbøstad, Per (red.) 1989. *Nynorsk frekvensordbok. Dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar 1978–84.* Bergen: Alma Mater.

VEDLEGG 1:**Til fagnemnda***Nynorsk ordtilfang*

Me ber om at fagnemnda på første møtet tek opp som sak spørsmålet om å få gjort prinsippvedtak som kan verke avklarande for korleis ein skal styre opptaket av nye ord i nynorsk.

1. Nyvurdering

Ordtilfanget i nynorsk har vore diskusjonstema gjennom heile nynorsk-historia, og me kan vise til historikken gjeven i Venås-tilrådinga frå 1983 ("Tilråding om ordtilfanget i nynorsk" – heretter *Tilråding* – prenta i Lauvhjell 1983). Etter at denne tilrådinga kom, har det òg komme mange nye tilskot til debatten; av dei større kan me nemne Nes 1984, Sannerholt og Aarhus 1992 og Taule 1993. At ordtilfanget har vore eit problemområde, viser òg att i den faktiske politikken med å godkjenne nye ord i nynorskordlistene; den har vore prega av stor inkonsekvens, som det går tydeleg fram av Nes 1984.

Synsmåtane er mange. På eine sida finn me t.d. velkjende formuleringar om at dersom me godtek alle orda i talemålet, blir det berre formverket igjen som skil nynorsk frå bokmål, og med det gjev nynorsken opp seg sjølv. På hi sida står f.eks. Oddvar Nes:

Det er *språkstrukturen* som kjennemerker det nynorske skriftmålet i høve til skriftmålet bokmål. Denne strukturen ter seg i lydverket og særleg i formverket; langt mindre i setningsbyggnaden. Minst viktig er ordtilfanget. Dette er ei målvitskapleg kjensgjerning, basert på 150 års samanliknande språkvitskap. Ingen vil vel halde føre at *ordtilfanget* er brukande til å karakterisere eit språk som t.d. engelsk eller fransk, svensk eller dansk. - Det finst titusenvis av framandord, særleg fagord, som fritt kan nyttast i nynorsk.

På same lina burde prinsipielt lånord frå bokmålet (eller "tyskdansk") kome. (Nes 1984:7.)

Tilråding kunne ha vore eit stort steg fram mot ein klårare og meir prinsipiell politikk. Her er det t.d. prøvt å meisle ut ein del

kriterium for kva ein skal godkjenne og ikkje godkjenne. Innstillinga tek omsyn til fleire sider ved normeringspolitikken, og ho framhevar verdien som ligg i den puristiske tradisjonen. Men hovudkonklusjonen er likevel at ein skal opne for ein meir liberal godkjenningspraksis:

Fleirtalet i nemnda som Språkrådet sette ned til å vurdere ordtilfanget i nynorsk, vil såleis rå til at den nynorske skriftmålsnorma held fram med å utvide rammene for ordfanget i målet. [...]

Når vi ynskjer å opne norma meir mot vår tid og mot det levande talemålet i norske bygder i dag, det nest siste decenniet av hundreåret etter Aasen, er det ikkje for å gje ringare vilkår for måldyrking og målodling av det slaget som mange gjæve nynorskefolk før oss har bore fram. Det er for å gje vilkår for odling og dyrking med breiare festepunkt: den som går for seg i skulen, der titusenviis av elevar kvart år strevar med å meistre det nynorske bruksmålet anten som hovudmål eller som sidemål. Ei opnare haldning mot det som er kvar dagsleg nært for desse arbeidarane i kulturhagen, vil setja nynorsken endå betre i stand til å tene dei ideala han er skapt og utvikla for å tene. Å opne norma meir for det alle veit er daglegmålet i alderen for fjernsyn og andre massemedium, vil vera å ta frå alle desse pliktbundne arbeidsfolka ei bær som dei helst burde sleppe å bera. Det vil vera ei hjelp til å lata nynorsk meir fullt og heilt få den plassen målet var tenkt til å ha. Det nynorske skriftspråket skal no som før frigjera voksterkreftene i daglegmålet.

Språkrådet gjorde ikkje noko klårt vedtak om at *Tilråding* skulle vere retningsgivande. Eit framlegg om det fall med dobbelrøysta åt formannen. Det endelege vedtaket frå årsmøtet i 27. januar 1984 lyder:

Tilrådinga om nynorsk ordtilfang, både fleirtalstilrådinga og dissensen, alle omsegner som er komne inn til Språkrådet i samband med høringsrunden, og referata frå møta om saka blir lagde til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida.

Dette har vore eit lite heldig vedtak, for strengt teke har ikkje årsmøtet gjeve fagnemnda noko mandat for arbeidet. Alle orddiskusjonar må i praksis starte på berr bakke, og både premissane og sjølve vedtaka kan lett sprikje frå sak til sak.

Inntrykket vårt er at det i kjølvatnet åt ordtilfangssaka i 1984 kom ein del nye ord inn i ordlistene, dvs. ord som er vanlege i naturleg talemål, men som er blitt oppfatta som problemord fordi dei historisk ofte er lån frå tysk og dansk. Dei siste åra derimot har denne liberaliteten stogga opp, og fagnemnda har vendt tomme- len ned for mange ordframlegg. Det er ikkje opplagt at det er i tråd med årsmøteviljen frå 1984 at fagnemnda i dag er så avvis- ande til opptak som ho i praksis er.

Alt på årsmøtet i 1984 blei det uttrykt skepsis til å gjere det vedtaket som faktisk blei gjort. I referatet finn me desse ut- segnene:

[...] å vedta a vil seie det same som å leggje saka bort.

[...] og spurde om dei som stør a, har tenkt at nye fagnemnd- medlemmer skal arbeide seg gjennom heile materialet. Han meinte det er utenkjeleg, og sa at ein ikkje kan leggje eit så sprikjande tilfang til grunn.

Han undrast på kor stor hjelp a ville vere for fagnemnda. [a = framlegget som blei vedteke]

I dag – etter 10 års røynsle – må ein konkludere med at skepti- karane fekk rett. Ein kan vel neppe vise til at fagnemnda i noka konkret sak har brukt eller lagt til grunn sakspapira frå den store ordtilfangssaka slik seksjonsformannen i 1984 tenkte seg det i grunngevinga si for vedtaket:

Han meinte at dei som skal arbeide med ordtilfanget i framtida, bør ha eit stort materiale som grunnlag for å ta stilling.

I denne situasjonen er det ønskjeleg at me no kan få ei av- klaring på kva retningslinjer fagnemnda skal arbeide ut ifrå. Det kan gjere fagnemndarbeidet lettare og den politiske styringa ryddigare.

2. Arbeidsmåten

Den ideelle arbeidsmåten i slike saker ville vere at Rådet (=års- møtet) vedtok (f.eks. etter framlegg frå fagnemnda) dei generelle prinsippa og kriteria som skal brukast ved normeringa, og at fag-

nemnda praktiserte dei på konkrete språkspørsmål/-problem. Dermed ville dei mest *politiske* spørsmåla bli avgjorde i Rådet, dei *språkfaglege* i fagnemnda. Ved å stille opp prinsipp og kriterium gjer me det lettare å gjennomføre konsekvens i vedtaka, noko som vil auke forståinga for vedtaka hos språkbrukarane (dvs. vere ei pedagogisk vinning); og dessutan er det reint normeringsfagleg ei stor vinning med ein meir prinsipiell arbeidsmåte, for ein veit då kva ein kan forbetre (det allmenne kriteriet eller den konkrete detaljen) når noko ikkje fungerer fullkomme. Ved slumpnormering er ikkje det like lett.

Som nemnt inneheldt *Tilråding* ein del drøftingar av kriterium for kva ord som bør godtakast og ikkje godtakast. Nedanfor vil me leggje fram nokre forslag til normeringsprinsipp for ordforrådet i nynorsk. Nokre av dei er henta frå *Tilråding*, andre kan tene som presiseringar av det som der står. Tanken er at dersom Rådet vedtek dei generelle prinsippa, skal fagnemnda seinare ha som oppgåve å finne ut kva som er konsekvensen av desse prinsippa etterkvart som det kjem inn framlegg på ord som det er ønske om å få inn i nynorsk.

3. Prinsipp og kriterium - framlegg

Me vil ikkje her rekne opp argument for kvart prinsipp, ettersom dei oftast er velkjende. Mange av dei er også nemnde i f.eks. *Tilråding*, og enda meir i resten av Lauvhjell 1983. For å markere at det her er tale om prinsipp, vil me òg unngå å komme med konkrete eksempel i dette punktet.

1a) *Folkemålsprinsippet*. Ei positiv formulering av dette prinsippet ville vere t.d.: *Nynorsken godtek alle ord som er vanlege i naturleg folkeleg talemål i større delar av landet*.

At det er den faktiske utbreiinga i folkemålet som er sterkaste argumentet for å ta inn nye ord i nynorsk, går fram fleire stader i *Tilrådinga*, både i sitatet ovafor og f.eks. s. 24: "For desse elevane er det ein føremon at dei skriftlege normene ikkje i utrengsmål vik av frå talemålet." Og lenger ned på same sida: "Likevel meiner fleirtalet i nemnda at nynorsk bør halde fram med å utvide norm-

ene for skriftleg ordval og ordbruk for å koma talemålet i møte." S. 25: "Eit viktig moment når ein skal vurdere dette, må vera om dei orda det gjeld, verkeleg er brukte i naturleg talemål, [...]. S. 27: Ein må leggje vekt på kor mykje brukt ordet er, [...]." S. 29: "[...] og leggje vekt på kor sterkt dei står i talemålet, [...]." S. 32: "Det ein fyrst og fremst bør unngå, er at elevane får feil for å bruke vanlege folkemålsord [...]"

Ei rettesnor som 1a) kunne aleine vere god nok til å regulere ordforrådet, for ordet *folkeleg* ville vise til den politiske fronten som nynorsken alltid har hatt mot det høgare talemålet og kansellispråket, og *naturleg* skal vere ei avgrensing mot "sitatord" og andre ord som språkbrukarane opplever som tilgjorde eller som etteraping. Dette prinsippet ville i dag ha som konsekvens at svært mange kvardagsord kunne toge inn i nynorskordlistene.

I den språklege praksisen ville det neppe få merkande følgjer med ein gong, for den nynorske stiltradisjonen i dag er så sterk at det kan ta ein generasjon frå eit ord kjem inn i ordlista til det kjem i allmenn bruk i stilmøytral prosa. Språklege "ras" er utenkjelege.

Prinsippet i 1a) inneheld det kvantitative kravet 'vanleg'. Mange av dei orda som i dag er utestengde frå nynorsk, vil vere så velkjende over heile landet at det er uproblematisk å hevde dei er 'vanlege'. I tvilstilfelle bør fagnemnda gjennomføre granskingar, og ho kan då bruke som avgjerande kriterium at ordet skal finnast i både by- og bygdemål i minst f.eks. tre fylke.

Ei ikkje fullt så radikal løysing vil det vere å vedta eit negativt formulert prinsipp:

1b) Nynorsken skal ikkje godta ord som i bruk er mest avgrensa til skriftmålet bokmål og det høgare talemålet som historisk byggjer på det.

Eit slikt negativt prinsipp krev ei oppfølging av fleire meir detaljerte og "positive" prinsipp som kan styre eit meir moderat ord-opptak. Med formuleringa i 1b) og detaljframlegga nedanfor tek ein godt vare på den varsemnda som det er uttrykt ønske om i sakspapira frå 1984.

2) *Ein godtek ord som har ei særtyding eller ein særnyanse som det ikkje er plass til innafor det tradisjonelle ordforrådet.*

3) *Ein godtek ord der det hevdvunne synonymet i nynorsk er lite brukt i levande talemål.*

Dette prinsippet skal ta i vare noko av det ein misser med ikkje å bruke det positivt formulerte folkmålsprinsippet. Problemet er nemlig ikkje berre at nynorsknorma *ikkje* vil godta *alt* som er folke-mål, men òg at ho i visse tilfelle pålegg oss å bruke ord som for dei aller fleste er fullstendig litterære (og ufolkelege).

4) *Ein godtek ord som det av forma ikkje er lett å sjå skal vere "ikkje-heimlege" ord.*

Med eit slikt prinsipp siktar me til ord som ein må vere fag-mann for kunne vete er eit lånord. Ord med historisk lånte pre- og suffiks er lette å gjennomskode, og dei kan difor ikkje passere under dette prinsippet.

Denne typen ord er i Tiltrådinga kalla "einskildord", og er omtalt slik:

Fleirtalet i nemnda meiner at slike einskildord ikkje valdar heilt store problem, korkje som grupper eller kvar for seg. Dei mest vanlege ein-skildord har etter kvart kome med i ordlistene. Når dei kjem i nye ut-gåver, bør ein også kunne ta med somme nye ord. Når skrivemåte, bøyning eller bruk ikkje går imot systemet i nynorsk, bør lånord av einskildtypen kunne godtakast. Men ein kan gjerne halde fram med å nemne tradisjonelle eller meir tilrådelege ord ved sida av dei, eller endåtil gjera meir av dette. Det kan ikkje skade å utvide vilkåra for ordvalet. (S. 27.)

5) *Ein godtek ord som er produktivt laga med suffikset -heit.*

Dette vil i praksis seie at ein godtek *-heit* som produktivt ord-lagingselement i nynorsk. Kriteria *Tiltråding* sette opp, kan brukast som tilleggskriterium:

- a. *Ein godtek ikkje heit-avleiingar av perfektum partisipp, presens partisipp og adjektiv på -et/-ut.*
- b. *Ord på -laus skal ha -løyse som einaste avleiing.*
- c. *Ord på -sam skal ha -semd som einaste avleiing.*
- d. *Ord som nynorsk alt har suffiksa - dom, -skap, -leik i, skal framleis stå som eineformer.*
- e. *Ein godtek ikkje heit-ord der det i folkemålet alt er i bruk i kort avleiingar.*

Denne oppstillinga skulle vere dekkjande for det *Tilråding* forslår som restriksjonar for *heit-opptak*. *Tilrådinga* føyer rett nok til at

Men dei fleste *-heit*-orda kan ein nok ikkje skilja ut etter slike formelle kjennemerke; der lyt ein sjå på bruksområde og stilistisk dâm, om ordet er folkeleg eller litterært og kansellimerkt, og ta standpunkt ut ifrå det. (S. 32.)

Men dette siste omsynet til folkeleg og ikkje-folkeleg er alt lagt inn i prinsipp 1b) ovafor.

6) *Ein godtek ord med utgang på -else der dei har ei anna tyding og ein annan stilnyanse enn dei tilsvarande orda på -ing (dvs. dei reine verbalsubstantiva). Ein godtek likevel ikkje else-ord der det også i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar (på -e eller utan ending).*

Her seier *Tilråding* s. 29 eigentleg det same:

Elles meiner fleirtalet i nemnda at vi framleis ikkje bør godta reine verbalsubstantiv på *-else* i nynorsk. Endinga *-ing* bør i slike ord vera obligatorisk. Andre ord bør ein vurdere einskildvis og leggje vekt på kor sterkt dei står i talemålet, og kor lett det er å finne avlørsarar med same tydingsnyanse. Det skulle då ikkje vera noko i vege for å ta med einskilde fleire ord på *-else* som ein måtte meine det var bruk for.

7) *Ein godtek ord som er produktivt laga med suffikset -bar.*

Dette skulle vere nokså godt i samsvar med *Tilrådinga* s. 33.

Det er lett og vanleg å laga nye ord med *-bar*, og slike ord bør vi godkjenne, men utan at det kan vera turvande å ta med mange i ordlistene. Når vi rettleier om nynorsk skriftmål, bør vi minne om at ein del slike ord tradisjonelt får endingane *-leg* og *-ande* på nynorsk, t.d. *leseleg* i staden for *lesbar* og *brukande* ved sida av *brukbar*.

4. Konklusjon

Denne lista over prinsipp er ikkje fullgod i den forstand at ho kan vere til hjelp ved alle språklege avvegingar ein må gjere. Ei fullstendig liste er det kanskje også umogleg å laga så lenge ein har eit negativt eller restriktivt utgangspunkt (jf. prinsipp 1b) ovafor), men lista kan ev. forbetrast når ein får meir røynsle frå eins lik prinsipiell arbeidsmåte. Slik ho nå står her, trur me likevel ho vil vere til hjelp ved dei fleste problemorda. Dessutan meiner me at ho er i samsvar med den moderate lina for ordopptak som me finn i *Tilråding*. Som døme på ord som det ville vere relevante å vurdere å ta inn under dei ymse prinsippa ovanfor, kan me nemne: *bety* i tillegg til *tyde* (2), *krets* i tillegg til *krins* (3), *løfte* i tillegg til *lovnad* (4), *tøffheit* (5), *skuffelse* (6), *haldbar* (7).

Vi vil be fagnemnda gjere framlegg for årsmøtet om

a. at det vedtek at desse punktwise prinsippa for ordopptaket i nynorsk, og

b. at fagnemnda blir pålagd å bruke desse prinsippa som retningslinjer ved konkrete ordtilfangssaker heretter.

Litteraturlitvisingar til vedlegg 2

Lauvhjell, Arne. (red.) 1983: *Heit* strid om nynorsk. Dokument og meiningar 1980–83. Oslo: Novus.

Nes, Oddvar. 1984. Om nokre affiks i nynorsk - mest om *-heit*. (2. rev. oppl.). Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Sannerholt, G og L. J. Aarhus: Moderne nynorsk ordforråd. "Anbehetelse"-ord i nynorsk. Oslo 1992: Norspråk.

Taule, Ragnvald. 1993: Er norsk talemål godt nok for nynorsken? *Norsk-læraren* 3/1993: 36–44.

Bergen, Trondheim, Tromsø, Tynset 14/10–93

Tove Bull Arnold Dalen Ingeborg Donali Helge Sandøy

VEDLEGG 2:

Framlegg frå Jan Terje Faarlund til årsmøtet i 1998

1. Nynorsken godtek alle ord som er vanlege i naturleg norsk folkeleg talemål.
2. Følgjande kategoriar av avleidde ord bør unngåast:
 - a. Avleiingar på *-heit* av perfektum partisipp, av presens partisipp og av adjektiv på *-et/-ut*.
 - b. Avleiingar på *-heit* av adjektiv på *-laus*. I staden bør ein bruka avleiingar med *-løyse*.
 - c. Avleiingar på *-else* der eit ord på *-(n)ing* har same tyding.

VEDLEGG 3:

Framlegg frå Helge Sandøy til årsmøtet i 1998

- A1) Orda ein tek opp i nynorsken, skal vere vanlege folkemålsord.
- A2) Ord som det av forma ikkje er lett å sjå skal vere "ikkjeheimlege" ord.
- B1) Ein tek ikkje inn ord når dei i bygnad ligg nær alt etablerte nynorskord, som f.eks. *advare* for *åtvare*, *antal* for *tal*, *bedrive* for *drive med*, *begrunne* for *grunngi* osv.

B2) Ein tek inn berre slike ord på *-else* som har ei anna tyding og ein annan stilnyanse enn dei tilsvarande orda på *-ing* (dvs. dei reine verbalsubstantiva).

B3) Ein tek ikkje inn "verb som endar på *-ige* (t.d. *beskjeftige*) og avleiingar av dei"

B4) Ord på *-heit* som er produktivt laga:

1. Ein godtek ikkje *heit*-avleiingar av perfektum partisipp, presens partisipp og adjektiv på *-et/-ut*.
2. Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleiing.
3. Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleiing.
4. Ord som nynorsk alt har suffiksa *-dom*, *-skap*, *-leik* i, skal framleis stå som eineformer.
5. Ein godtek ikkje *heit*-ord der det i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar.

VEDLEGG 4:

Dei tre framlegga til årsmøtet i februar 1999

Framlegg frå Helge Sandøy, jf. pkt. 7 i denne artikkelen

A) Orda ein tek opp i nynorsken, skal ha stor utbreiing i norske dialektar.

B) Ved ordopptaket skal ein leggje vekt på om ordet alt er i bruk i skriftleg nynorsk. Kriteriet for "i bruk i skriftleg nynorsk" er om ordet er oppført i *Nynorsk frekvensordbok* (Vestbøstad 1989) — inntil det er utvikla eit nytt og meir oppdatert nynorsk tekstkorpus til forskingsformål.

C1) Ein tek ikkje inn ord når dei i bygnad ligg nær alt etablerte nynorskord.

C2) Ein tek ikkje inn ord på *-else* når ein kan la tilsvarande ord på *-ing* eller *-nad* eller i kortform ha same tydinga.

C3) Ein tek ikkje inn verb som endar på *-ige* og avleiingar av dei.

C4) Når det gjeld ord med suffikset *-heit*, gjeld desse restriksjonane:

- a. Ein godtek ikkje *heit*-avleiingar av perfektum partisipp, presens partisipp og adjektiv på *-et/-ut*.
- b. Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleiing.
- c. Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleiing.
- d. Ord som nynorsk alt har suffiksa *-dom*, *-skap*, *-leik* i, skal framleis stå som eineformer.
- e. Ein godtek ikkje *heit*-ord der det i folkemålet alt er i bruk kortavleiingar.

C5) Nynorsken tek ikkje opp fleire substantiv i inkjekjønns på *-ande*.

C6) Ein markerer ikkje etymologisk samanheng mellom det tyske importordet og andre nynorskord dersom det ikkje er vanleg å ha slik formsamanheng i dialektane.

C7) Opptaket av eit ord i éin ordklasse treng ikkje føre til opptak av tilsvarande ordstamme i ein annan ordklasse.

Framlegg frå Jan Terje Faarlund

1) Nynorsk godtek ord som er i vanleg bruk i daglegdags talemål blant norske dialektbrukarar.

2) Når eit ord alt finst i nynorsk med ein fastlagd skrivemåte, skal ikkje same ordet takast opp i ei anna form.

3) Desse ordtypene skal ikkje godtakast:

- a. Ein godtek ikkje ord med prefiksa *an-* og *be-* der nynorsk frå før har same ordrota utan eit av desse

- prefiksa, eventuelt med etterfølgjande preposisjon.
- b. Ein godtek ikkje verb på *-ige* og avleiingar av dei.
- c. Ord på *-else* kan godtakast berre når ein ikkje har tilsvarande ord på *-ing*, på *-nad* eller ei kortform som kan ha same tydinga.
- d. Ein godtek ikkje avleiingar på *-heit*.
- av perfektum partisipp, av presens partisipp og av adjektiv på *-et(e)/-ut*.
 - av adjektiv på *-laus*; i staden bruker ein samansetjing med *-løyse*.
 - av adjektiv på *-sam*; i staden bruker ein avleiing med *-semd*.

Framlegg frå Åshild Nordstrand

- 1) Orda ein tek opp i nynorsken, skal ha stor utbreiing i norske bygdedialektar.
- 2) Ein skal vere varsam med å ta opp ord som, fordi dei blir brukte i bokmål og bokmålsmerkt talemål og såleis er best kjende, kan konkurrere ut ord som har godt feste i den nynorske skriftradisjonen.
- 3) Ein tek ikkje opp ord når dei i bygnad ligg nær alt etablerte nynorskord.
- 4) Ein tek ikkje opp ord med prefiksa *an-* og *be-*, der nynorsk frå før har same ordrota utan eit av desse prefiksa, eventuelt med etterfølgjande preposisjon.
- 5) Ein tek ikkje opp verb på *-ige* og avleiingar av dei.
- 6) Ord på *-else* kan takast opp berre når ein ikkje har tilsvarande ord på *-ing*, på *-nad* eller ei kortform som kan ha same tydinga.
- 7) Når det gjeld suffikset *-heit*, gjeld desse restriksjonane:
 - Ein tek ikkje opp *-heit*-avleiingar av perfektum partisipp,

av presens partisipp og av adjektiv på *-et(e)/-ut*.

- Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleiing.
- Ord på *-sam* skal ha *-semd* som einaste avleiing.
- Ord som i nynorsk alt har suffiksa *-dom*, *-skap*, *-leik*, skal framleis stå som eineformer.
- Ein godtek ikkje *-heit*-ord der det i dialektane alt er i bruk kortavleiingar.

8) Nynorsken tek ikkje opp fleire substantiv i inkjekjønn på *-ande*.

9) Opptaket av eit ord i éin ordklasse treng ikkje føre til opptak av tilsvarande ordstamme i ein annan ordklasse.